



**SULDAL**  
K O M M U N E

Skattkammeret  
Suldal



# **ØKONOMIPLAN MED HANDLINGSPROGRAM 2022-2025**

**Kommunestyret sitt vedtak  
Sak 111/21 14. desember 2021**

Bilete framsida: Andreas Elias Åmås

Bilete av kommunedirektør: Jarle Lunde

Illustrasjonsbilete: Lise Bjelland, Anne Lise Norheim og Torbjørn Guggedal

## **Innhald**

Kommunedirektøren si innleiing .....	4
Ein handlekraftig organisasjon .....	5
Planprosessen .....	8
Tenestesamarbeid .....	9
Utviklingstrekk .....	10
Folketalsutvikling .....	12
Nøkkeltal og måltal .....	14
Nøkkeltal .....	14
Måltal .....	16
Innspel frå lag og organisasjonar .....	18
<b>Økonomiplan 2022-2025 .....</b>	<b>26</b>
Inntekter .....	30
Utgifter .....	34
Investering .....	36
Bruken av konsesjonsavgiftene og avkastning næringsfondet .....	43
Resultat .....	44
1. Folketal og arbeid .....	46
2. Samfunnsutvikling og samfunnstryggleik .....	48
2.1. Areal og arealutvikling .....	48
2.2. Næring .....	51
2.3. Kommunal infrastruktur .....	52
2.4. Klima-, energi- og miljø .....	54
2.5. Regionalutvikling .....	55
2.6. Samferdsle .....	56
2.7. Samfunnstryggleik .....	58
3. Kunnskapssamfunnet .....	59
4. Å bu og trivast .....	60
4.1. Folkehelse .....	60
4.2. Helse og omsorg .....	61
4.3. Kultur .....	63
Spelemidlar, forslag til prioriteringsliste 2022 .....	64
4.4. Inkludering .....	65
5. Kommunen som organisasjon og arbeidsgjevar .....	66
Budsjettkjema for politisk vedtak .....	70

# Kommunedirektøren si innleiing



Suldal- eit levande samfunn, rik på naturressursar og kreativ kraft.

Verda rundt oss er prega av handtering av pandemi og klimaendringar. I regionen gjer ein ein dreiling frå næring knytt til olje og gass til meir fornybar energi.

Suldal kommune har generelt god økonomi- eit godt utgangspunkt for gode tenester til innbyggjarane. Prognosar syner likevel store endringar som vil påverke den økonomiske situasjonen allereie i økonomiplanperioden. Kraftig fall i talet på barnehage -og skulebarn vil utfordre tenestene våre. I dag har Suldal kommune fleire yngre under 17 år enn eldre over 67 år, men allereie i 2025 er forskjellen utlikna. I 2040 vil Suldal ha nær 50% fleire pensjonistar og 20% færre barn enn i dag. Økonomien blir strammare. Dette vil krevje tydeleg leiing og gode prioriteringar.

## Ny kunnskap

Ny kunnskap er avgjerande for å løyse utfordringar og utvikle framtidsretta tenester. Innovasjonstakten i kommunane generelt har auka. Tradisjon for forsking *på* kommunane, er iferd med å snu i retning av også forsking *i* kommunane. Her skal Suldal lene seg endå meir framover.

## Frivillige

Ein aktiv frivillig sektor er av stor betydning for kommunen. I Suldal har ein nyleg opna den første frivilligsentralen. I tillegg har ein eit mangfold av lag og organisasjonar som er viktige for å bu og trivast i Suldal; idretts- og kulturaktivitetar, frivillige som driv stirydding, digital hjelp til sjølvhjel- eksempla er mange. Kommunedirektøren vil ta initiativ til eit endå

tettare samarbeid med frivillige for å møte utfordringane i framover på best mogleg måte saman. Den breie kulturelle identiteten i Suldal vil vere ein styrke i dette arbeidet.

## Gode tenester til innbyggjarane

Suldal har og skal ha gode tenester også i framtida. Auka del eldre fører til auka tenestebehov, og med færre i yrkesaktiv alder, må måten me gir tenestene på over tid endre seg. Slik prognosane er, vil det vere behov for å dreie ressursar frå oppvekst til omsorg. Det krev kompetanseutvikling og god leiing.

Også når det gjeld legetenester ser ein utfordringar når det gjeld å rekruttere rett og nok kompetanse. Utfordringa gjeld både nasjonalt og lokalt. Kommunedirektøren vil støtte opp under tiltak som kan bidra til å auke fastlegekapasiteten i kommunane. Vidare vil kommunedirektøren internt sjå på organisering av ressursane, arbeidsmåtar og kompetanseutvikling for å sikre gode legetenester til innbyggjarane.

## Økonomiske rammer

Økonomiplanen med handlingsprogram har ei samla netto driftsramme på kr 436 mill. Kommunedirektøren legg fram ein plan med vekt på framtidsretta tenester og å skape handlingsrom for å møta vesentleg endring i demografi dei neste 10 åra.

Kommunedirektøren forslår ei brutto investeringsramme på kr 59,7 mill i 2022. (I tillegg kjem eventuelt vedtak om rebudsjetting.) Økonomiplanen viser eit høgt investeringsnivå i slutten av perioden. Dette får konsekvensar for driftsbudsjettet. Det er gjort eit stort arbeid for å rydde i etterslep på investeringsprosjekt for å sikre kapasitet til slutten av planperioden.

Kommunedirektøren gir med dette økonomiplan med handlingsprogram 2022-2025 over til dei som folkevalde som vil gjere endeleg vedtak i kommunestyret 14. desember 2021.

# Ein handlekraftig organisasjon

Kommunedirektøren tar med seg hovudutfordringane som følgjer av årsmeldinga for 2020

1. Arbeide på nye og smartare måtar
2. Ein handlekraftig og kompetent organisasjon

## Ein digital kvardag

Offentlege tenester stiller i stadig større krav til god digital infrastruktur, digital kompetanse og god kommunikasjon med både tilsette og innbyggjarar. Suldal kommune gir sine IT tenester gjennom kommunalt oppgåvefellesskap i Ryfylke IT-samarbeid. (RITS). RITS arbeider med drift og utvikling av tenesteporføljen for å levere robust, kostnadseffektivt og berekraftig tenestetilbod til organisasjonen og innbyggjarane. Den lokale IT avdelinga i kvar kommune bistår både lokalt og sentralt gjennom oppgåver og innovasjonsprosjekt til fellesskapet. Fokus i planperioden blir gjennomføring av koordinerte aktivitetar og å hente ut effektar i samarbeidet. Fagsystem skal vidareutviklast for å løftast ut i sky. Eit aukande tal nasjonale komponentar i kommunane samt interkommunale og kommunale prosjekt stiller krav til Suldal og RITS om auka samhandling og samskapning, effektiv ressursnytting og smidig prosjektgjennomføring.

Velferdsteknologi er eit satsingsområde der vi må henta ut gevinstar som gjer at dei tilsette kan jobba på ein betre og smartare måte. Kommunedirektøren vil omdisponera midlar til ein velferdsteknologi-koordinator i 50 % stilling som kan arbeida aktivt med innføring av ny teknologi. Det vil og bli ei viktig oppgåve når ein skal til med bygging innan Framtidas omsorg.

Digitalisering aukar moglegheitene for samhandling internt og eksternt. Gjennom regional ordning arbeider Suldalsbarnehagane i partnarskap med Høgskulen på Vestlandet (HVL) der ein har fokus på pedagogiske leiing. Dette er eit arbeid som involverer alle pedagogane i barnehagane i Suldal, og ved hjelp av digitale lærande møter på tvers av einingane og HVL, klarar ein å arbeide med kompetanseutvikling innanfor eit større profesjonsfagleg fellesskap. Dette er ein arbeidsmetodikk som vil vidareutviklast. I den samanheng er det nyttig at IT-avdelinga held på med eit arbeid med ein framtidig felles

standard for digitale møterom i Suldal kommune.

Sand skule og Nesflaten oppvekstsenter prøver ut samarbeid om faget trafikalt grunnkurs gjennom digital undervisning. Lærar som har ansvar og kompetanse i faget jobbar frå Nesflaten, medan Sandselevane deltar digitalt. Ein gong i månaden blir det fysisk undervisning for alle på Sand. Prosjektet vil gi nyttig erfaring og kunnskap om digital undervising i skulen.

I 2021 har ein hatt eit forsøk ved å oppretta ein digital rettleiar som skal vere til støtte for skulane i arbeidet med å sikre god implementering av læringsbrett. Forsøket blir til ei varig ordning ved at kommunedirektøren omdisponerer midlar innafor oppvekst.

På kulturområdet går kommunikasjon og marknadsføring for det meste på digitale plattformer; på infoskjermar, på nettsider, ulike sosiale medier. I planperioden vil kommunedirektøren arbeide for å få på plass info-skjermar i alle grender. Både på kulturhuset og i Suldal bad går bestilling og reservasjon no digitalt. Det vert også arbeidd for å få til meirope bibliotek med utlånsautomat.

På området teknisk drift står ein føre utvikling og fornying innan sentrale driftsanlegg, driftskontroll innan vatn og avløp og sensorteknologi innan bygg og innemiljø.

Suldal kommune er medlem av Digi Rogaland. Digi Rogaland er eitt av fleire digi nettverk i Noreg og består av 23 kommunar i Rogaland. Digi Rogaland er et samarbeid om å ta i bruk digitale verktøy for å gi betre tenester til innbyggjar og næringsliv.

## **God helse**

**Alle skal oppleva god livskvalitet i Suldal.  
Alle som bur og oppheld seg i Suldal skal  
møte trygge lokalmiljø som inviterer til ei  
aktiv fritid og fremmar god helse og trivnad.**

Mangel på fastlegar er ei utfordring for heile landet, også i Suldal. Legekontoret manglar per tida 3 fastlegar og får i liten grad kvalisiferte søkjurar. Kommunedirektøren er uroa over at det i periodar er lang ventetid på konsultasjon hos lege, og at kronikarar ikkje får ha sin fastlege over tid, men opplever å møte stadig nye vikarar.

Det er avgjerande for å sikre kapasitet til legetenesta for innbyggjarane at kompetansen blir nytta rett og at ein organiserer tenesta på ein god måte. *Plan for legetenester* er utarbeid i 2021 med tiltak på eksempelvis kvalitet og tenesteutvikling, leiar- og medarbeidarutvikling samt organisering og dimensjonering. Kommunedirektøren vil i 2022 gå nøye inn i planen, vurdere nøye organisering av legevakt og fastlegeordninga. Kommunedirektøren vil kome tilbake til korleis ein kan rekruttere, utvikle og behalde legetenester i Suldal kommune til beste for innbyggjarane.

Innan omsorg vil arbeidet med reforma "Leve heile livet" fortsetje. Dette er eit breitt utviklingsarbeid som blir gjort med blant anna brukarmedverknad frå eldrerådet, frivillige og tilsette. Suldal har valt å satse på 3 innsatsområde; *aktivitet og fellesskap, aldersvennleg samfunn og mat og måltid.*

I tråd med Lov om sosiale tenester jobbar ein for å gjere brukaren meir sjølvhjelpen. Ungdomsprosjektet (2020-2022) er retta inn mot ungdom for å få dei yngste i arbeid og aktivitet. Ei anna gruppe som er vanskeleg å få i aktivitet og arbeid, er dei fleirspråklege. Her må det til eit tverrfagleg samarbeid med Introtenesta.

Arbeidet med pilotprosjektet "strukturerte tverrfaglege samarbeidsteam" fortset fram til 2023, det blir arbeid med å finne gode måtar for å gi tenester til brukarar med behov for koordinerte tenester.

Psykiske helsetenester, spesielt til barn og unge er eit område me skal jobba endå betre med. Ved å samlokalisera barne- og familie-rettleiarar samt ruskonsulent til psykisk helse vil Suldal få ei meir robust og heilskapleg teneste i lagarbeid med heile familien, (laget rundt barnet). 20 % stilling vil bli dekka av Introfondet med spesielt fokus på

fleirspråklege barnefamiliar. Ein vil då ha 2 barne/familie rettleiarar til saman 160 % stilling. Det er lyst ut 100 % stilling som kommunepsykolog som vil bli ein del av barne- og familieteamet i lag med rettleiarane. Gjennom statsbudsjettet får Suldal midlar til 20% barnekoordinator. Ressursen vil styrke arbeidet med psykiske helseteneste for barn og unge på ein svært positiv måte. Mange familiar strever med å finna frem i velferdstilboda og treng betre hjelp og avlastning i kvardagen.

## **Barn og unge**

**Alle barn og unge i Suldal opplever læring og meistring i eit inkluderande og trygt miljø kvar dag.**

I tråd med Stortingsmeldinga "Tett på - tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skule og SFO", som er eit kompetanseløft for spesialpedagogikk og inkluderande praksis, har Indre Ryfylke PPT i saman med oppvekst i Sauda og Suldal starta kartleggingsarbeid av kompetansebehov. Satsinga på kompetanse omfattar heile laget rundt barna og elevane, og skal bidra til at den spesialpedagogiske hjelpa er tett på dei barna som har behov for det. Kompetanseløftet skal bygge på lokale vurderingar av behov for kompetanse, samarbeid med universitet eller høgskule.

Dette blir mellom anna gjort gjennom barnehage og skulebasert kompetanseutvikling, regional ordning for barnehage og desentralisert ordning for skule. Det overordna målet med ordninga er å styrke kunnskap og kompetanse lokalt i den enkelte barnehage og skule. Dette skal igjen bidra til eit likeverdig tilbod som fremjar utvikling, læring og trivsel for alle barn og unge. Gjennom dette arbeidet deltek ein i ulike nettverk internt i kommunen og eksternt mellom kommunane for både lærarar og leiarar.

Suldal kommune må halde fram med å stimulere til vidareutdanning av grunnskulelærarar gjennom kompetanse for kvalitet, først og fremst i fagområda engelsk, norsk, matematikk og spesialpedagogikk, samt å rekruttere inn rett kompetanse ved nytilsetting. Sjølv om einingane blir mindre har alle barn og unge i Suldal krav på same kvalitet. Med dei ulike krava gjennom barnehagelov og opplæringslov blir kommunen tvungen til å sjå på korleis ein klarar å imøtekome dette.

Utfordringsbilete syner at barnetalet vil gå ned framover, små einingar blir mindre. Synkande barnetal gir kommunen mindre rammetilskot til denne gruppa. I budsjettet er det lagt inn reduserte rammer innafor oppvekst på 1 million i 2023 og ytterlegare 2 million i 2024, grunna framskrivningar som syner færre born i barnehage- og skulealder.

I samband med ny læreplan er det nyleg starta ein prosess om å vurdere alternativ læringsarena spesielt for elevar som strevar i den ordinære skulen. For å auke motivasjon og lærelyst for ungdomsskulelvane vil det vere føremålstenleg å legge til rette for meir praktisk og variert undervisning. I dette arbeidet ser ein føre seg eit samarbeid mellom anna med Suldal vekst, Rysteg og Sauda vidaregåande skule.

#### **Attraktiv arbeidsgivar- rekruttere, utvikle og behalde**

Suldal kommune må tenkje nytt i arbeidsgivarrolla for å rekruttere og behalde tilsette. Det vil handle om både løn og fagleg utvikling, men også om å finne seg til rette som innbyggjar i Suldalssamfunnet i tråd med målet i kommuneplanen om å bu og trivast.

Suldal kommune har fiskerett for laks i Suldalslågen. Vidare har kommunen tilgang til småviltjakt på kommunen sine eigedomar i Gulling-s-området. Kommunedirektøren trur at det kan vere eit fortrinn for tilsette som bur eller vil busetja seg i Suldal at arbeidsgivar også legg til rette for ei meiningsfylt fritid- å bu og trivast. Kommunedirektøren vil difor ta initiativet til eit samarbeid med Suldal jakt- og fiskelag om slike tilbod.

Det vil bli ei utfordring å skaffe nok sjukepleiar-kompetanse i kommunane. Tal eldre vil bli dobla innan 2040 og Suldal må tenke nytt. I staden for å ha sjukepleiarar på kvar ei eining, vil ein prøve ut å samla ressursane og styre dei ut der behovet er. Arbeidstakarorganisasjonane peikar på rett oppgåve-gliding som viktig, noko kommunedirektøren vil arbeida i lag med organisasjonane for å få til. For betra kontinuitet i tenesta og for å kunne legge til rette for tilsette vil Suldal kommune innføre årsturnus. Dette ein plan om arbeidstid der ein legg til rette for ulike arbeidstidsordningar for eit år fram i tid. Det betyr at tilsette kan planlegge ferie, jobba ulike vakter alt etter livsfase og behov. Ein slik turnus vil også kunne redusere deltid og bruken av vikarbyrå.

Dette er faktorar som vil gi betre tenester til brukaren.

Grunna vekst i innbyggjargruppa 67+ vil Suldal kommune vil ha eit aukande tenestebehov innan Helse og Velferd, og det er difor viktig å rekruttera rett kompetanse for framtida. Eit av rekrutteringstiltaka er å utdanna eigne helsefagarbeidarar og sjukepleiarar. I samarbeid med Universitetet i Stavanger og Ryfylkekommunane, vil det bli starta ein eigen Ryfylke klasse hausten 2022 innan sjukepleiarutdanning. Som ein del av tilbodet tek tilsette no fag innan norsk og matematikk for å kvalifisera seg til å søke studieplass innan sjukepleie.

Hovudtariffavtalen (HTA) kap. 3.4 og kap. 5 stadfestar at vurdering av leiarløn gjerast ein gang i året. Stillingane er ikkje omfatta av sentrale forhandlingar. All lønnsfastsettjing skjer lokalt. Ei samanlikning av lønn i kap 3.4 og kap. 5 med andre kommunar i regionen viser at Suldal sin konkurransesituasjon er svekka med omsyn til løn. For kommunane Hjelmeland, Sauda og Vindafjord, som er dei nærmaste "konkurrentane" om den beste kompetansen i regionen, viser i ein del samanliknbare stillingar ein differanse i Suldal sin disfavør.

Dyktige og kompetente tilsette er avgjerande for krafta i utviklinga i kommunen. Behovet for god leiing er særleg stort i periodar med stort endringstrykk. Me veit at Suldal kommune står føre særleg store endringar og utfordringar dei neste åra som følgje av endra demografi.

Kommunedirektøren tilrar ei ekstern lønnsharmonisering for samanliknbare stillingar i kap. 3.4 og kap. 5 for samanliknbare stillingar der lønsgapet er særleg stort. Kommunedirektøren foreslår å gjennomføre arbeidet innafor ei ramme på inntil 650.000 kr med inndekning i avsett lønnsreserve.

Med avdelinga organisasjon og innbyggarkontakt har kommunedirektøren signalisert ei spissa satsing på organisasjonsutvikling og dialog med innbyggjarar. Ein kompetent og handlekraftig organisasjon skal gi nære, framtidsretta og gode tenester til innbyggjarane. Det vil innebere meir tilgjengelege tenester mellom anna i form av digitale tenester og digitale val i samhandling med kommunen.

## Planprosessen

Suldal kommune vedtok kommuneplanen våren 2015. Det er denne planen årsbudsjett og handlingsplan bygg på. Måla og hovudstrategiane frå kommuneplanen er kopierte direkte over i denne handlingsplanen, det er og knytt direkte tiltak til fleire av måla i dette framlegget.


Kommunedirektøren vil i to tertialrapportar i løpet av 2022 rapportera til kommunestyret korleis økonomien utviklar seg og korleis det går med gjennomføring av tiltaka, den første med særleg fokus på økonomi.

I desse to sakene kan kommunestyret vedta endringar i budsjettet eller vedta endringar i korleis tiltaka skal gjennomførast.

Etter årsslutt vil kommunedirektøren legga fram årsmelding og rekneskap, og her vil det bli gitt grundig tilbakemelding på korleis måloppnåinga har vore.

Vidare framdrift i budsjettprosessen

- 2. november: Kommunedirektøren legg fram sitt forslag
- 18. november: Handsaming i AMU
- 18. november: Handsaming i eldreråd og råd for funksjonshemma
- 16. november: Handsaming i LMT-utvalet
- 17. november: Handsaming i Levekårsutvalet
- 18-19. november: Handsaming i formannskapet, Innstilling lagt ut til offentleg ettersyn
- 14. desember: Kommunestyrevedtak



## Tenestesamarbeid

Samarbeid	Om samarbeidet
Indre Ryfylke barnevern	Barnevern saman med Sauda. Det er Sauda som er vertskommune.
Indre Ryfylke PPT	PPT-tenesta saman med Sauda. Det er Suldal som er vertskommune
Miljøretta helsevern	Sauda driv på vegne av Suldal, Etne og Vindafjord. Tenesta har ansvar for tilsyn og godkjenning av institusjonar.
Følgjeteneste for jordmor	Saman med Sauda
Landbruksrådgjevar	Saman med Sauda
Skjenkekontroll NoRoSun	Sauda driv på vegne av fleire kommunar i Nord-Rogaland og Sunnhordaland
Ryfylke IKT	Kommunalt oppgåvefellesskap (sjå kommunelova § 19-1). Kommunane som er med i fellesskapet er Suldal, Hjelmeland, Sauda og Strand
Haugaland brann og redning IKS	Eit samarbeid mellom 9 kommunar på Haugalandet og i Ryfylke.
NAV-kontoret	Felles leiar med Sauda og med dei statlege tenestene
IVAR	Her deltek me som ei gruppe saman med Strand og Hjelmeland kommunar (Ivar Renovasjon Ryfylke)

I tillegg deltek kommunen i fleire andre IKS som driv med arkiv, krisesenter, revisjon, sekretariat for kontrollutvalet og regional utvikling.

Kommunen har i tillegg ei rekke med samarbeidsavtaler for lengre eller kortare periodar. Suldal kommune er også med i fleire interesseorganisasjonar.



# Utviklingstrekk

I dette kapitelet vil kommunedirektøren trekka fram overna utviklingstrekk som ein må ta høgde for i åra framover.

## Klima

FN sitt klimapanel la fram oppdatert informasjon om klimaendringar i august, [FNs klimapanel \(IPCC\) - Miljødirektoratet \(miljodirektoratet.no\)](#). Panelet slår fast at CO<sub>2</sub>-utsleppa dei siste 10-åra har auka den globale temperaturen med 1,1 grader. Dette fører til meir ekstrem varme og meir kraftig nedbør med fare for naturskadar. For å stabilisere den globale oppvarminga så må netto CO<sub>2</sub>-utslepp ned mot 0. I Parisavtalen, [Parisavtalen \(fn.no\)](#), har alle land forplikta seg til å få ned utsleppa. Norge har under Parisavtalen forplikta seg til å få ned utsleppa med inntil 55% innan 2030 samanlikna med 1990. Både Norge og andre land ligger langt etter skjema. I juli 2021 kom EU kom med nye forslag i klimapakken «Fit for 55», [EU economy and society to meet climate ambitions \(europa.eu\)](#). Dei foreslår strengare krav til transportsektoren, det må bli meir fornybar energi, forslag om karbontoll, krav til berekraftig drivstoff innan maritim sektor og luftfart med meir. Eit døme på endringane er overgangen frå bensin/dieselbil til el-bil. El-bilsalet utgjer no i underkant av 5% av alt bilsalet i verda, noko som er ein kraftig oppgang frå året før. I august 2021 utgjorde el-bilsalet 71,9% av alt nybilsal i Noreg.

## Økonomi

SSB melder at den norsk økonomien er over botnpunktet (SSB, Kvartalsvis nasjonalregnskap for 2. kvartal 2021). BNP er no på same nivå som før pandemien starta. Varehandelen har tatt seg kraftig opp. Det er fortsett mindre aktivitet innan reiseliv, kultur og underhaldning og anna tenesteyting. Industri og bergverk har på generell basis tatt seg opp igjen.

Offentleg konsum er på eit høgare nivå enn før pandemien starta. Det er høgt aktivitetsnivå både innan drift og investering.


Det neste åra må ein rekne med at staten må stramme inn etter å ha brukt mykje fondsmidlar på å stimulere økonomien.

Omristinga vil vere utfordrande, men vil også gi moglegeheiter. Den viktigaste faktoren i omristinga er fornybar energi, noko Suldal har mykje av. Det er interessentar som ønskjer å produsere havvind-turbinar og hydrogen i Suldal. Dersom ein lukkast med dette vil det gi nye arbeidsplassar, vekst i kjøp av varer og tenester i næringslivet og vekst i befolkninga. Moglegheitene må ein sjå opp mot dei konsekvensane ei slik utbygging vil medføre.

## Virus

I Norge har ein vaksinert 90% av befolkninga mot korona. I fattigare deler av verden har dei knapt kome i gong. Pandemien vil påverke verda i lang tid framover. I Norge går mange av nøkkelindikatorane rett veg. Arbeidsløysa er på veg ned og BNP er på veg opp. Men det er langt att. Viruset er ikkje under kontroll før ein stor del av verdas befolkning er vaksinert. Næringslivet og det offentlege må tenke annleis for å takle dette og framtidige virus. Det har blitt mindre reising og fleire møter over nett. Når ein ein sjeldan gong er ute og reiser så har det blitt krav om koronapass og testing. Blir dette kvardagen i framtida? Korleis kan Suldal vere budd på nye virus som kjem?

Figur 1. Bruttonasjonalprodukt Fastlands-Norge. Faste 2018-priser. Måned. Februar 2020 = 100



Kilde: Statistisk sentralbyrå.

## Økonomi- og tenesteutvikling

Suldal kommune ligg på plass 194 i den endeleg utgåva av Kommunebarometeret 2021 (utgitt av Kommunal rapport). Utviklinga er ned med 23 plassar frå 2020. Utan korrigering for inntektsnivået er Suldal kommune på plass 23.

Kommunebarometeret 2021	Suldal	Sauda	Vindafjord	Hjelmeland
Grunnskule	256	115	162	86
Pleie og omsorg	2	15	22	157
Barnevern	20	90	262	84
Barnehage	263	33	211	325
Helse	211	20	18	71
Sosial	162	156	101	233
Kultur	9	149	331	252
Miljø og ressurser	80	330	199	209
Saksbehandling	311	156	38	69
Vatn og avlaup	115	93	78	159
Økonomi	6	123	25	27
Kostnadsnivå	349	233	259	337
<b>Totalt</b>	<b>194</b>	<b>165</b>	<b>96</b>	<b>241</b>

### Kommentar til tala:

Suldal kommune har god økonomi og høgt kostnadsnivå. Noreg har 356 kommunar. Av desse ligg Suldal på plass 349 i kostnadsnivå. Det er høgt, men ikkje høgare enn at me ligg på 6. plass under økonomikriteria.

Suldal har spesielt høgt kostnadsnivå innan pleie og omsorg. Samtidig blir kvaliteten på helse- og omsorgstenestene våre rangert på andre plass i landet. Tenesta har høgt nivå av faglærde. Det er godt tilbod av lege-, fysio- og ergoterapeuttenester. Suldal har ledige plassar på sjukeheimen og det er eit godt dagaktivitetstilbod.

Grunnskule og barnehage kjem svakare ut. For få lærarar oppfyller kompetansekrava og Suldal oppfyller ikkje pedagognorma i barnehagane. Elevane scorar godt på det faglege. Suldal har god barnehagedekning.

Innan sosialtenesta kjem det fram at Suldal har mange sosialhjelpsmottakarar samanlikna med landet.

Suldal kommune har mange kvadratmeter formålsbygg samanlikna med andre kommunar. Det trekker ned på miljøkriteria.

Telemarksforskning skriv i rapporten «Økonomi i kommuner med svak befolkningsutvikling (TF, rapport, 2021) at innbyggartalet har blitt redusert i distrikta dei siste åra. Det medfører at det blir færre å dele kostnadene på og at det blir vanskelegare å skaffe rett kompetanse. I tillegg vil befolkningsnedgang vanlegvis føre til ei eldre befolkning. Smådriftsulempene blir delvis kompensert gjennom inntektssystemet. I tillegg har enkelte distriktskommunar som Suldal inntekter frå kraftproduksjon og havbruk som kompenserer for befolkningsnedgangen.

Sitat frå rapporten «Analysene viser at kommuner med svak befolkningsutvikling oppnår svakere rangering i sektorene skole, pleie og omsorg, VAR, barnevern og miljø. De gjør det derimot bedre enn vekstcommuner i sektorene helse, barnehage, kultur, saksbehandling og sosial. Det er imidlertid ikke befolkningsveksten i seg selv som forklarer forskjellene mellom vekstcommuner og nedgangskommuner. I store sektorar som skole og pleie og omsorg er det de sosiale og demografiske indikatorene som bidrar til at nedgangskommunene kommer dårlig ut. Det samme gjelder i totalindeksen. Høyere inntekter bidrar til å bedre kvaliteten i pleie og omsorg, men tilsynelatende ikke i skolen»

## Folketalsutvikling

SSB si befolkningsframskriving frå 2020 viser at fruktbarheita går ned, nettoinnvandringa går ned og tal eldre går opp. Dette gjeld også for Suldal kommune.

SSB trur at Suldal får færre barn, vesentleg auke i eldre dei neste åra, og at tal barn vil stabilisere seg (fruktbarheita går litt opp igjen). Berekraftsbrøken viser tal innbyggjarar 18-66 år i forhold til tal eldre (tal innbyggjarar 67 år +). Berekraftbrøken i Suldal vil gå i frå 3,1 i 2020

til 1,9 i 2040. Ein berekraftsbrøk på 1,9 betyr at det vil bli mindre enn to innbyggjarar i arbeidsfør alder per pensjonist i 2040.

SSB trur at innvandringa vil gå litt ned. Det får størst konsekvens for distrikta, som dei siste åra har vore avhengig av innvandring for å oppretthalde folketalet. Det siste året har det vore netto utflytting frå Oslo. Dei fleste flytter til kommunar rundt Oslo. Eit fåtal flytter lengre ut i distriket.



Frukbarhet, leveralder og nettoinnvandring, tal på nasjonalt nivå (Kjelde: SSB, juni 2020)





Fig : Utvikling folkemengd i Suldal kommune fordelt på alder, prognose 2020-2040 (Kjelde: SSB)

For dei nærmaste åra er tala tydelege: Det ser ut til å bli eit kraftig fall i talet på barnehagebarn og skulebarn, medan talet på eldre over 80 år blir relativt stabilt. Ser ein 20 år fram i tid, aukar talet på eldre kraftig. Det er også urovekkande at bærekraftbrøken synk såpass raskt som tabellen viser.

I dag har Suldal kommune vesentleg fleire yngre under 17 år enn eldre over 67 år. Allereie i 2025 er forskjellen utlikna. I 2040 vil Suldal ha nesten 50% fleire pensjonistar og 20% færre barn enn i dag.



# Nøkkeltal og måltal

## Nøkkeltal

Her finn du nokkeltal for Suldal kommune. Alle tala er henta i frå SSB/Kostra eller kommunen sine eigne tal.

### Definisjonar

- KOSTRA = KOmmune-STat-RApportering) som gir styringsinformasjon om kommunal og fylkeskommunal verksemd
- G17 = Suldal kommune si kostragrupper. Dei kommunane i landet med høgast skatteinntekter per innbyggjar. Det er 8 kommunar i gruppa.
- Landet = tal for landet utan Oslo

	Suldal			G 17	Landet
Generelle nøkkeltal	2018	2019	2020	2020	
Arbeidsledige 15-75 år %	..	0,8	1,2	2,3	2,4
Innvandrarbefolking %	12,0	11,9	11,6	13,1	16,2
El-bil (tal personbil)	38	54	83		

## Helse og velferd


	Suldal			G 17	Landet
Utvalde nøkkeltal helse- og omsorg	2018	2019	2020	2020	
Årsverk helse og omsorg per 10 000 innbygger (årsverk)	473	468	483	475	315
Andel brukerrettede årsverk i omsorg. m/ helseutdanning %	84	85	85	80	78
Andel innbyggere > 80 år som bruker hjemmetjenester %	34	33	36	35	29
Andel innbyggere > 80 år som er beboere på sykehjem %	9,3	7,9	4,2	13,7	11,2
Utgifter per oppholdsdøgn i institusjon (kr)	4 888	5 332	6 700	5 690	4 033
Legetimer per uke per beboer i sykehjem (timer)	1,3	1,3	1,5	0,7	0,6
Andel innbyggere 67-79 år med dagaktivitetstilbud %	3,5	3,3	2,8	1,5	0,6

## Oppvekst



	Suldal			G 17	Landet
Utvalde nøkkeltal oppvekst	2018	2019	2020	2020	
Andel barn 1-2 år i barnehage %	79,4	77,8	74,0	80,1	85,5
Andel barn 1-5 år i barnehage %	91,6	90,3	89,4	90,8	92,9
Antall barn per årsverk til grunnbemannning barnehage	5,4	4,9	4,8	4,6	5,7
Andel barn 6-9 år i SFO	42,4	46,6	45,7	57,6	54,7
Tal elevar per skule	72,7	73	74,3	99,1	229,8
Deltakarar i vaksenopplæring (tal elevar)	18	22	12		

Tal barn i barnehage og skule går ned med over 10% i økonomiplanperioden.


Det er ei markant nedgang på fleire skular. Spesielt på Erfjord skule, men også andre skular har nedgang.



Ungdomsskulen på Sand får ein topp i 2022/2023, før tala går kraftig ned. Ungdomsskulen på Nesflaten får auke på 4 elevar i 25/26.



Det er vanskelegare å sjå ein klar trend innan barnehage. Stølane barnehage har ei gledeleg auke i 2022. Vinjar barnehage og Sand barnehage har hatt ein topp, elles er relativ stabile. Det ser ut til å bli svært få plassar i Vanvik og på Nesflaten i 2022.



## Måltal

Her er dei mest aktuelle måltala for perioden. Alle tala er henta i frå SSB/Kostra viss ikkje anna er nemnt. Måltal er ikkje bindande, men skal være førande for lokalpolitiske vedtak og administrasjonen sitt arbeid og prioritering.

## Økonomi

Finansielle måltal		2018	2019	2020	Mål
Netto driftsresultat / brutto driftsinntekt	%	10,5	9,9	5,6	> 4,5
Langsiktig gjeld* / brutto driftsinntekter	%	53,4	54,2	52,6	< 65,0
Disposisjonsfond (alt) / brutto driftsinntekt	%	31,3	35,0	33,5	> 10,0
Disposisjonsfond (frie midlar)** / brutto driftsinntekt	%	9,6			> 10,0

Merknad: \*ex pensjon og formidlingslån \*\*Disposisjonsfond (frie midlar) = disposisjonsfond som det ikkje er gjort vedtak om å bruke + bufferfond

### Netto driftsresultat

Netto driftsresultat er overskotet til kommunen. Eit godt resultat kan me sette av til fond eller nytte til investeringar. På grunn av våre variable kraftinntekter og høge investeringsnivå bør nivået vere på over 4,5% over tid. (Teknisk beregningsutval 1,75%)

### Langsiktig gjeld

KS tilrår ikkje lengre eit eksakt tal på gjeldsnivå. Det vil avhenge av størrelsen på driftsresultatet og størrelsen på disposisjonsfondet. På landsbasis ligg gjeldsgraden utanom Oslo på 117%. Det er for høgt i følgje KS, som er uroa over den aukande gjeldsbelastninga i kommune-Noreg. Gjeldsnivået i Suldal bør vere under 65 % for å ikkje få for høge rente- og avdragskostnader i framtida

### Disposisjonsfond

Suldal set av midlar til framtidige prosjekt og som buffer. Våre kraftinntekter kan variere med 30-40 millionar kr årleg. Det gjer at ein må ha høgare disposisjonsfond enn mange andre for å kunne takle svingingane.

## Andre måltal

Måltal – tal frå SSB	Landet	Suldal		Mål	
	2020	2018	2019	2020	2025
<b>Personal *i frå KS PAI-register</b>					
% sjukefråvær (tal AMU)		8,0	9,9	7,3	6,5
% som jobbar heiltid i kommunen		39,1	43,5	46	50,0
% gjennomsnittlig stillingsstørleik per tilsett alle		74,0	79,0	80	83,0
<b>Barnehage</b>					
% barnehagelærere i forhold til grunnbemanning	42,4	32,9	38,3	40,5	50
<b>Skule</b>					
% lærarar med pedagogisk utdanning	78,3	75,8	77,0	64,2	90,0
% elevar i grunnskulen som får spesialundervisning	7,8	7,5	7,0	6,0	5,0
% elevar mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver, lesing 8kl	72,4	64,3	77,5	67,4	75,0
% elevar mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver, regning 8kl	68,1	74,1	75,0	91,1	75,0
<b>Helse, pleie og omsorg</b>					
% tilsette (brukerretta årsverk) som har fagutdanning	78	81,8	85,2	84,9	90,0
% brukarar som nyttar dagaktivitetstilbod 67-79 år	0,6	3,5	3,3	2,8	2,0
<b>Vatn og avløp</b>					
% Innbyggjarar med god vatnkvalitet - ecoli*	99,1	24,9	77,3	100	100,0
% Andel av vatnet som går tapt på grunn av lekkasjar	29,8	37,4	37,8	34,9	30,0
<b>Kultur</b>					
Barn på kulturskulen i % av alle barn	13,6	31,2	29,8	25,5	30
Besøk i folkebibliotek per innbyggjar (antall)	2,7	6,4	5,2	5,4	5
<b>Plan, byggesak og miljø</b>					
Gj.snitt saksbeh. for byggesaker med 12 ukers frist (dagar)	39	16	32	48	17
Gj.snitt saksbeh. for byggesaker med 3 ukers frist (dagar)	17	17	13	14	15
<b>Klima</b>					
Energibruk per m <sup>2</sup> eigm areal (kWh)	139	177	160	158	155

# Innspel frå lag og organisasjonar

## Kyrkja i Suldal

### Drift

- Søkjer om same prosentvise auke av løns-og driftsutgifter som dei kommunale einingane får i 2022.
- Tak Erfjord kyrkje ligg inne i økonomiplanen med løyving i 2022. Sum 1,5 mill.
- Søkjer om midlar til å reparera muren rundt Sand kyrkje. Muren er rasfarleg og det er innhenta fagleg vurdering. Reperasjon av muren er kostnadsrekna til kr. 250.000.

### Frå konsesjonsavgiftene

- Søkjer om vidare støtte med kr. 50.000 til å halde Opne kyrkjer i 2022.

### Investering

- Søkjer om kr. 1.200.000 i 2022 til vidare brannsikring av Jelsa kyrkje med nytt oppvarmingssystem, elanlegg og oppgradering av lynvernanlegg.
- Søkjer om kr. 1.000.000 i 2023 til vidare planlegging og prosjektering av samanbygging av Sand kyrkje og Sand bedehus.
- Søkjer om kr. 1.500.000 i 2024 til nytt toalett og reiskapshus på Erfjord kyrkjegard.

### Jelsa kyrkje

Av søknaden går det fram at arbeidet med å brannsikra Jelsa kyrkje er i gong. Førebelgs er det prosjektering av brannsikringsarbeidet som er i gong. Dette er det løyvd midlar til i 2021 budsjettet. Arbeidet vil gå inn i neste år og det vert søkt om overføring av midla frå 2021 til 2022. Løyvde midlar frå riksantikvaren, kr. 950.000, er det også innvilga eitt års forlenga frist på.

I økonomiplanen ligg ikke investeringsstøtte med kr. 1.200.000 i 2023.

Fellesrådet har ved ny søknad til Riksantikvaren fått ny løyving med kr. 450.000. Desse midla må i utgangspunktet nyttast innan 1. november 2021, men det er søkt eitt års forlenging av fristen. Vidare utsetjing er i følgje riksantikvaren vanskeleg. Av den grunn søker fellesrådet om at den kommunale investeringsstøtta vert flytta frå 2023 til 2022 slik at ein får nytt tilskotet frå Riksantikvaren.

### Sand kyrkje

Det vert søkt om støtte til samanbygging av Sand kyrkje og Sand bedehus. Fellesrådet har

sjølv sett av kr. 100.000 til planleggingsarbeidet. Det vert sett på ulike løysingar frå å opna muren mellom kyrkja og bedehuset til eit overbygg som bind husa saman. Fellesrådet ber om kr. 1.000.000 til vidare arbeid med dette prosjektet i 2023.

### Erfjord kyrkjegard

I samband med ny parkeringsplass i Erfjord er det sett av plass til nytt toalett- og reiskapshus. Dette var det ikkje sett av midlar til då ein sökte om midlar til parkeringsplass. Fellesrådet søker om kr. 1.500.000 i 2024 til dette.

### Svar:

Kommunedirektøren imøtekjem søknaden om å auka driftstilskotet med deflator.

Det vert lagt inn tilskot til spleiselaget Opne kyrkjer med kr. 50.000 i kvart av åra i økonomiplanperioden. Midlane vert henta frå konsesjonsavgiftene.

Kommunen imøtekjem søknaden om midlar til å vøla kyrkjegardsmuren ved Sand kyrkje. Sum kr. 250.000 i 2022.

Kommunedirektøren imøtekjem søknaden om å flytta tilskot kr.1,2 mill frå 2023 til 2022. Det er i tillegg endra frå drift til investering. Her vert kr. 450.000 i støtte frå Riksantikvaren del av finansieringa.

Kommunedirektøren imøtekjem ikkje søknaden om nytt tiltak Sand kyrkje med støtte til samanbygging av kyrkja og bedehuset.

Kommunedirektøren imøtekjem ikkje søknaden om nytt tiltak Erfjord kyrkje med toalett- og reiskapshus. Kommunen har nyleg investert i nytt toalettbygg i Hålandsosen som ligg like ved kyrkja. Dette bør dekka funksjonen som toalett i tilknyting til kyrkjegarden.

## Ryfylkemuseet

Frå søknaden:

Suldal kommune er ein av dei største og viktigaste bidragsytarane våre, nest etter Kulturdepartementet og Rogaland fylkeskommune. Dette er vi svært takknemlege for, og det blir også godt synleg i aktivitetane til museet som har hovudfokus i Suldal. For 2021 har kommunen løyvd eit samla driftstilskot på kr 1 517 000. Dessutan løyde kommunen tilskot til etablering av bygningsvernssenter på kr 500 000 for 2021 og kr 500 000 for 2022 på vilkår av at prosjektet er fullfinansiert i spleislag med andre. Vidare løyde kommunen eit tilskot på kr 250 000 til restaurering av MS Suldal i 2021. Vi tillét oss å søkja om ei vidareføring av driftstilskot for 2022 med justering for løns- og prisstiging. I tillegg vil vi be kommunen om å vidareføre engasjementet sitt i to store prosjekt.

Etablering av Ryfylke bygningsvernssenter  
Etableringsarbeidet er i gang. Ryfylke bygningsvernssenter samlar og utvidar museet si utovervende verksemd innan bygningsvern og kulturminnevern. Gjennom bygningsvernssenteret blir spisskompetansen til museet tilgjengeleg for både private og offentlege oppdragsgjevarar, og vi ser dette som eit viktig tiltak for regionalt kulturminnevern.

I 2021 samarbeider museet med Suldal kommune i eit pilotprosjekt finansiert med KiK-midlar frå Riksantikvaren, om å kunne tilby innbyggjarane eit gratis lågterskeltilbod for synfaring og rådgjeving.

Vi har frå hausten 2020 tatt i mot oppdrag, sjølv om vi endå ikkje hadde begynt å marknadsføre aktivt. Til hausten i år skal museet vurdere om vi framskundar tidsplanen for opptrapping av bemanning, fordi vi ser at vi allereie har sprengt kapasitet. Det betyr også at vi om ikkje lenge har behov for utvida verkstad og arbeidsplassar.

Det mest kostbare delprosjektet under etableringa er utviding av stålhallen og det å skaffe større verkstad- og arbeidsplass for ein utvida handverkarstab. Vi er difor svært takknemlege for kommunen som vil støtte dette prosjektet. Per dags dato har ikkje vi lykkast med å få fullfinansiering på plass, men vi håpar på positive svar til hausten. Museet er innstilt på å gå inn dette med ein del eigne midlar, men vi er avhengige av eit spleislag for å lykkast.

*Vi håpar difor at kommunen vil halde fram med løyvinga om kr 500 000 for 2022.*

## Restaurering av MS Dampen

MS Dampen («Suldalsdampen») har sidan 2013 hatt status som verna skip, og har ligge på land i påvente av restaurering sidan før det. Frå hausten 2019 og gjennom 2020 har museet valt å satse stort på MS Dampen, for å få gjennomført fase I av restaureringa. Museet brukte då over ein million i omdisponerte midlar for å få reinsa, sandblåst og prima skroget. Det igjen var ein føresetnad for endeleg tilstandsvurdering og vidare arbeid. Dampen blei såleis ein «koronavinner» blant museet sine prosjekt og anlegg. I 2021 ligg fokuset på å få starta arbeidet med restaurering av motor, tilstandsvurdering av skroget, samarbeid med fartøyvernssenter for å utarbeide revidert budsjett for fullføring av restaureringa, innsamling av bilde og dokumentasjon og førebuingar til rekonstruksjon av dekket. Vi har fått tilsegn om støtte frå fylkeskommunen, og for første gong også frå Riksantikvaren. Dette er eit veldig viktig signal, og vi reknar med at begge partar vil støtte arbeidet også framover.

Diverre viste den første visuelle evalueringa av skroget frå både folk frå fartøyvernssenter og fiskeridirektoratet at vi mest sannsynleg vil måtte skifte ut brorparten av stålplatene i skroget. Dette gjer restaureringa betydeleg meir kostbar og tidkrevjande enn opphavleg tenkt. Vi ber kommunen om nytt tilskott til restaurering av MS Suldal i 2022 på kr 500 000.

## Svar:

Kommunedirektøren imøtekjem søknaden om å auka driftsdelen av tilskotet med deflator.

Kommunedirektøren imøtekjem søknaden om framleis å støtta prosjektet med å etablera bygningsvernssenter sjølv om prosjektet ikkje er fullfinansiert, men med redusert sum. For kommunen er det viktig at dette prosjektet vert eit spleislag med fleire aktørar. Summen i støtte er kr. 250.000 i 2022.

Kommunedirektøren imøtekjem søknaden om vidare å støtta restaureringa av dampen, MS Suldal. Summen i støtte for 2022 er kr. 250.000.

## **Søknad utanom budsjett dagsett**

**16.04.2021:**

*Me viser til avtale om drift og vedlikehald av garden Li mellom Suldal kommune, Rogaland fylkeskommune og Ryfylkemuseet, inngått i mars 2010.*

*Ryfylkemuseet har ansvar for drift og vedlikehald av bygningane og kulturlandskapet knytt til Li, mot at det blir stilt midlar til rådvelde for å gjennomføre dei. I avtalen er det dessutan spesifisert at eigarane har eit visst ansvar til å hjelpe med finansiering av større tiltak.*

*Ryfylkemuseet har den siste tida løfta fokuset på kulturlandskapet i Li, kor me allereie har gjennomført fleire tiltak, med planar om fleire i framtida. Me har blant anna fått utarbeidd ein skjøtselsplan i 2020, og satt i gang med første skjøtselstiltak. For å kunne bevare kulturlandskapet over tid, treng vi ein viss beitetrykk, jfr. skjøtselsplanen. Etter lengre vurderingar, har me komme fram til at det vil vere naudsynt med inngjerding av innmarka. Me ser at inngjerdinga krev ein større investering, men er eit viktig tiltak for å sikra kulturlandskapet framover. Vi ber difor Suldal kommune og Rogaland fylkeskommune om å delta i eit spleislag for å finansiere tiltaket, då dette gå utover det som ligg i driftsramme til museet.*

*Me har budsjettert tiltaket til om lag 640 000. Museet er innstilt på å bidra både med større eigeninnsats og driftsmidlar i ein verdi på om lag kr 240 000, og vi ber eigarane om å dekke utgiftane med om lag kr 200 000 kvar.*

### **Svar:**

Kommunen har fått melding fra Ryfylkemuseet at fylkeskommunen har stadfesta tilskot med kr. 200.000. Kommunen har ikkje budsjettert med slike løyingar og har synt til den ordinære budsjettprosessen.

Kommunen har likevel vurdert søknaden og løyvd kr. 79 000 av avsette midlar til kulturlandskap.

Det er ikkje lagt inn støtte for den resterande delen av søknaden i budsjettet for 2022.

Museet kan nytta deler av driftstilskotet til dette tiltaket om dei vil.

### **Suldal Vekst AS**

Med utgangspunkt i kommunal deflator søker Suldal Vekst AS om justeringar for pris-og lønsauke.

### **Svar:**

Kommunen imøtekjem søknaden om å auka driftstilskotet med deflator. Samtidig vil kommunedirektøren i første kvartal 2022 gjere ei naudsynt vurdering av avtalen mellom

Suldal kommune og Suldal Vekst AS i lys av lov om offentleg anskaffing.

### **Suldal næringsforening**

Næringsforeninga viser til avtale om drift av sentrumsleiarfunksjon, der Suldal kommune deltar i eit treparts samarbeid for finansiering for å auke attraksjonskraft gjennom aktivitets- og arrangementsutvikling i og rundt Sand sentrum. Funksjonen som sentrumsleiar har også ein utvida funksjon i å bidra og støtte opp om arrangement og aktivitetar i andre grender og bygdesentrum i Suldal. Aktiviteten gjennom funksjonen har vore aukande og også i endring gjennom koronapandemien. Suldal kommune sitt bidrag i trepartssamarbeidet (Suldal Næringsforening, Suldal Vekst og Suldal kommune) har ikkje tidlegare vore justert, og Suldal Næringsforening søker no Suldal kommune om auka rammer framover for framleis å kunne halde god aktivitet og bidra til gode aktivitetar i kommunesenteret og grondene. Av aktuelle arrangement (i normalår) kan spesifikt nemnast Ryfylkedagane, engasjement på grondadagar, torgaktivitetar, julemarknad, og diverse vår- og haustarrangement. Suldal Næringsforening søker med dette om justeringar for prisvekst og auka aktivitet med utgangspunkt i kommunal deflator.

### **Svar:**

Kommunedirektøren imøtekjem ikkje søknad om auke i tilskot. Aktiviteten må avpassast etter dei økonomiske rammene.

### **New Kaupang**

Invitasjon til Suldal kommune om deltaking i New Kaupang i 2022  
*New Kaupang arbeider med å legge til rette for næringsetableringer innenfor kraftkrevende industri, basert på fornybar energi som kan skape nye grønne, bærekraftige arbeidsplasser i Rogaland. Vårt fokus er å finne, assistere med å utvikle og markedsføre tomter og nødvendig infrastruktur samt være mottaksapparat til nasjonale og internasjonale prospekter. Dette kan være datasenter, battericellefabrikker, hydrogenproduksjon og landbasert oppdrett, samt sirkulære muligheter som bruker overskuddsvarmen fra denne type etableringer. Vi ser at det stadig også kommer nye industrier der tilgang til energi i ulike former samt tilrettelagt areal, er nødvendige innsatsfaktorer for etableringer. New Kaupang fungerer som et bindeledd mellom kommunene/tomheeierne, ulike markeder og mulige etablerere. Vi ønsker samtidig i tillegg å bidra til at kommuner og tomheeiere aktivt kan markedsføre sine areal selvstendig. Som non-*

*profit selskap er New Kaupang en nøytral partner, som det føles naturlig både for kommuner, utviklere og de aktører som ser etter områder, å involvere i utviklings- og etableringsprosesser. New Kaupang er på mange måter et regionalt felles punkt for førstelinje-kontakt, med spesialist-kompetanse på detteområdet. New Kaupang fungerer også som en objektiv og faktabasert «informasjons-hub» som bl.a. kommuniserer hva som skal til for at er en tomt og region skal være attraktiv for denne type industri.*

*New Kaupang er et 100% offentlig eid selskap, hvor Rogaland Fylkeskommune eier 75% og Ryfylke IKS eier 25%. 10 kommuner er i dag aktive deltagere i New Kaupang, med 14 tomteområder hvor 7500 dekar næringsareal er identifisert og under utvikling. Fylkestinget i Rogaland vedtok før sommeren å bidra til aktiv drift av New Kaupang i ytterligere 3 år fra 2022 til og med 2024.*

*For 2022 er medlemsavgift pr. kommune kr. 100.000-, hvor alle kommuner betaler likt uavhengig av størrelse. Ved aktiv deltagelse i New Kaupang vil Suldal kommune få tilgang på vårt kompetansenettverk, arrangement og aktiviteter. Vi holder ofte presentasjoner for næringslivet, kommunestyre, formannskap og utvalg i medlemskommunene våre for informasjonsdeling og oppdatering. Som New Kaupang-medlem vil kommunen kunne komme med innspill på tomter for vurdering og utvikling. Vi kan også bidra i søk og kvalitetssikring etter nye, gode lokasjoner for utvikling i kommunen. For tomter og prosjekter, både offentlige og private, som naturlig faller inn i New Kaupang sitt virke vil vi assistere kommunen med utvikling, tilrettelegging og tilpasning, og selvsagt også markedsføre på våre plattformer og vårt nettverk. Vi håper at Suldal kommune fortsatt ønsker å være med i New Kaupang og bidra til at Rogaland med våre unike menneskelige og naturgitte ressurser får etablert nye, viktige næringer og industrier basert på bærekraftig energi.*

**Svar:**

Suldal kommune viderefører medlemskapen i New Kaupang ut 2022. Finansiering av medlemsavgifta, kr. 100 000, fra konsesjonsavgiftene - Næringsutvikling/reiselivsutvikling. Medlemsskapet vil vere særleg viktig i dei næringsinitiativa kommunen står i.

**Ingunn Kjetilstad Stokka og Albright Stokka:**

*Søkjer om stønad til badestrand i Marvik på Ropeidhalvøya. Syner til kommunale prosjekt andre stader i kommunen. Dei ynskjer å oppgradera stranda i Marvik før neste badesesong. Det er allereie communal parkeringsplass og toalett ved Marvik kapell om lag 50 meter frå stranda som kan nyttast av badegjestene. Dei vil flytte badestranda noko ved å flytte dagens steinmur, setje opp ny mur og fylla på med badesand.*

*Kostnaden er rekna til kr. 450.000 inkl mva.*

**Svar:**

Innspellet er ikkje teke inn i budsjettet for 2022.

**Kommunestyret 14.12.2021: Tilskot til opparbeiding av badestrand i Marvik inntil kr. 450 000, vert utbetalt etter rekning.**

**VA-Marvik - søknad frå Albright Stokka**

Ingunn og Albright Stokka har søkt om communal stønad til utbygging av VA-anlegg for Marvik hyttefelt. Dei viser til Suldal kommune sitt engasjement til utbygging av VA-anlegg for hytteområda i Gullingenumrådet. Sjølv anleggskostnaden til utbygging av VA-anlegga i Marvik hyttefelt er kostnadsrekna til kr. 3,3 mill. eks.mva. Det er planlagt 19 fritidsbustader i hyttefeltet.

Stønad eller tilskott til denne utbygginga vil ikkje vere ei communal investering. Dersom Suldal kommune skal engasjere seg i utbygging av VA-anlegga i hyttefeltet, kan dette gjerast på fleire måtar. Suldal kommune kan gjennomføre utbygginga av VA-anlegga i hyttefeltet som eit eiga kommunalt byggeprosjekt, eller samarbeide om gjennomføringa av byggeprosjektet med utgangspunkt i ein avtale basert på Anleggsbidragsmodellen eller ein avtale som er basert på Justeringsreglar for meirverdiavgift. Reglane for offentlege anskaffelser må følgjast uavhengig av avtaletype.

Kommunedirektøren viser til sitt forslag om at Suldal kommune ikkje skal engasjere seg eller ikkje prioritere vidare engasjement i byggetrinn II i Åsliane hyttefelt ved Mosvatnet.

Kommunedirektøren meiner utbygging av communal infrastruktur i private hyttefelt ikkje er ei prioritert communal oppgåve. Med bakgrunn i at dette er ei privat utbygging har **kommunedirektøren ikkje prioritert midlar til utbygging av VA-anlegg i Marvik Hyttefelt.**

**Kommunestyret 14.12.2021: Tilskot til VA-anlegg i Marvik (A. Stokka) kr. 1 150 000 ved full utbygging av 19 tomter. Dersom det vert**

lagt opp til ei redusert utbygging, vert summen redusert tilsvarande.

### Erfjord idrettslag – kunstgrasbane på Moane i Erfjord:

Erfjord idrettslag søker om spelemidlar og kommunalt tilskot til ny kunstgrasbane til erstatning for dagsens grasbane. Søknaden gjeld ein 11-er bane.

*I Erfjord har vi en gressbane uten flombelysning som er av dårlig befatning som gir særdeles kort sesong(mai–september om vi er heldige). De syv andre månedene er gymsalen på Vik og ballbingen beste alternativ. Gymsalen er tilgjengelig 2 dager i uken, der det maks kan spilles 3 mot 3.*

*Med dagens situasjon og foreslårte situasjon(7er bane) mener vi at treningsstilbuet gjennom året blir for dårlig. Vi har som nevnt tidligere Vik som alternativ på vinterhalvåret (minimum 7måneder) som gjennom en årrekke dessverre er en stor mevirkende årsak til fråfall fra idretten fra 13 års alderen. Vi har i dag høy aktivitet i idrettslaget med lavterskel tilbud til alle barn i grenna vår + andre grender(Jelsa, Jøsenfjorden og Haugil) noe vi håper vi kan videreutvikle, i samarbeid med Suldal Kommune. Erfjord er ei gren i vekst. Det bygges stadig nye boliger og «ungdommene» flytter hjem igjen. Med et bedre tilbud på Moane vil en utenfra se at bygda stadig er i utvikling.*

Det er inngått festekontrakt med grunneigar på 50 år.

Budsjett og finansiering i søknaden

Beskrivelse	Kommentar	Sum ink mva
<b>Utgifter:</b>		
Kunstgressbane	Overslag fra Stangeland Maskin AS	kr 6 874 045,00
4 hjular til vedlikehold	Tilbud fra Møgedal Mek	kr 83 000,00
Fotballmål	2 stk 11er, 4 stk 7er, 4 stk 5er	kr 105 000,00
Totalt		kr 7 062 045,00
<b>Inntekter:</b>		
Kommunal del	Antatt 1/3	kr 2 354 015,00
Tippe middler	Antatt 1/3	kr 2 354 015,00
Dugnadsoppsett	Utarbeidet i sammen med Entreprenør	kr 763 750,00
Bidrag idrettslaget	Tas fra egen kasse	kr 240 265,00
<b>Sponsor:</b>		
Hovedsponsor bane - Langside 1	Sponsoravtale 8 årig avtale - eingangssum	kr 125 000,00
Hovedsponsor bane - Langside 2	Sponsoravtale 8 årig avtale - eingangssum	kr 125 000,00
Sponsor kortside 1	Sponsoravtale 8 årig avtale - eingangssum	kr 50 000,00
Sponsor kortside 2	Sponsoravtale 8 årig avtale - eingangssum	kr 50 000,00
<b>Gaver:</b>	Diverse gavefond(Eventuelt kombinere med sponsoravtale)	kr 1 000 000,00
<b>Totalt:</b>		kr 7 062 045,00

### Svar:

Idrettspolitisk handlingsplan gjeld i tida 2015 – 2025. Den seier at det skal vera 11-er banar på Suldalsosen og Sand. Når resterande grasbanar i grenlene Nesflaten, Erfjord, Jelsa og Ropeidhalvøya står framføre naudsynte og større tiltak, bør desse anlegga nedgraderast til treningsbanar i 7-er storleik med kunstgrasdekke. Kommunen vil stilla seg positiv til enkle rehabiliteringstiltak på desse banane.

Når det ligg føre ein plan, er det eit styringsdokument frå politikarane som administrasjonen skal følgja. Og det er planen som vil liggja til grunn i kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett. Det har vore praksis i Suldal kommune og bidra med 1/3 av kostnaden til spelemiddelprosjekt i regi av

lokale lag. Men dette er det ingen regel eller vedtak på. Det regelverket for spelemidlane seier, er at dei statlege spelemidlane skal dekka 1/3 av godkjente kostnader på spelemiddelgodkjente prosjekt inntil ei grense, som for kunstgrasbanar nå er 2,2 mill. Dei resterande 2/3 skal utbyggjar sjølv dekka, - og her bidrar ein del kommunar med 1/3, og nokre med ein mindre del. Eit spelemiddelprosjekt på kr 7 062 000 kan høgst få kr 2,2 mill i spelemidlar, og etter vanleg praksis, det same frå kommunen.

Kommunedirektøren har ikkje lagt inn støtte til tiltaket i budsjettet for 2022. Syner også til tabell over spelemiddelprosjekt under Kultur i handlingsprogrammet.

**Kommunestyret 14.12.2021: Kommunal del kr 2 200 000 finansiert ved bruk av konsesjonsavgift. Fører til auke i driftsutgifter**

på kr 154 000 i 2022. Forskottering kr. 2 200 000 vert finansiert med kr. 1 100 000 av forskotteringsfondet og kr. 1 100 000 i auke i driftsutgiftene.

Tillegg: Suldal kommune vil ikke vera med på å finansiera banedekke som medverkar til vesentlig auke i ureining av omgjevnadene

### ***Stipend til elevar frå Suldal som går på Sauda vidaregåande skule***

Som ei prøveordning kan elevar frå Suldal, som går på Sauda vidaregåande, søkja om kr. 10 000,- i stipend. Målet har vore å støtta opp om den lokale vidaregåande skulen og for å behalda ungdomane lengre i Suldal. Skuleåret 2020/2021 var det i underkant av 80 stipendmottakarar. For skuleåret 21/22 er det underkant av 70 stipendmottakarar.

I ei evaluering av stipend-ordninga i 2021 kom stipendordning på tredje og siste plass over kva betydninga stipend hadde for å velje Sauda vidaregåande skule. Føresette sette stipendordninga på ein andre plass. På ein skala frå 1 (stipend har inga påverknad for val av skule) til 5 (stipend har stor påverknad for val av skule) vurderte dei det slik:  
Elevar 3,27

Føresette 3,42

Kommunedirektøren konkluderer med at stipendordninga har litt over middels påverknad på val av vidaregåande skule og har innstilt på at ordninga ikkje blir vidareført etter 2022.

### ***Kommunestyret 14.12.2021:***

#### **Rekruttering VGS**

Det vert etablert eit stipend for Suldalselevar som vel Sauda vidaregåande skule for å støtta opp om den lokale skulen, for skuleåret 22/23 og ut planperioden med kr. 0.65 mill i kvart av åra.

Skal finansierast via disposisjonsfondet.

### ***Bustøtte for tilsette i Suldal kommune***

For å rekruttera nøkkelkompetanse til kommunen har Suldal kommune innvilga bustøtte det 1.året for tilsette i utvalde grupper som flytter til kommunen. Rekrutteringsutfordringane er større i dag enn før tiltaket. Kommunedirektøren tilår difor ikkje å vidareføre ordninga etter 2022.



An aerial photograph of a massive concrete dam wall, likely the Hardangerfjord Dam in Norway, curving along the edge of a deep blue fjord. The surrounding landscape is rugged and rocky, with patches of green vegetation. A winding road follows the coastline, and a small building is visible near the dam.

# ØKONOMIPLAN

# Økonomiplan 2022-2025

Under følger økonomiplanen for 2022-2025. Signalene i Statsbudsjettet legg til grunn for forventa pris og lønnsvekst, utvikling i skatteinntektene og rammetilskotet. Økonomiplanen blir lagt frem i faste 2022 prisar. Økonomiplanen bygger elles på handlingsprogrammet og andre politiske føringer.

## ØKONOMIPLAN 2022 - 2025 DRIFT

(Brutto/nettorammer i samsvar med oppstilling (2022-kroner, summar i heile tusen)


Rammeområde	Budsjetts- ramer		Budsjetts- ramer		Økonomi- plan	Økonomi- plan	Økonomi- plan
	B 2021	B 2021	B 2022	B 2022			
Skatt på inntekt og formue		Brutto	Brutto/ netto.	Brutto	Brutto	Brutto	Brutto
Rammetilskot	-158 673		-162 259	-162 259	-162 259	-162 259	-162 259
Eigedomsskatt	-116 568		-128 726	-124 689	-124 689	-124 689	-124 689
Eigedomsskatt	9 740		7 500	7 500	7 500	7 500	7 500
Konsesjonsavgifter	-137 800		-123 400	-131 000	-131 000	-131 000	-128 000
Inv. komp. skule/omsorg	-28 557		-28 635	-29 485	-29 485	-29 485	-29 485
Overf. Havbruksfondet	-600		-600	-600	-600	-600	-600
Sal av konsesjonskraf	-1 000		-3 400	-3 400	-3 400	-3 400	-3 400
Sal av konsesjonskraf	1 952		3 223	3 223	3 223	3 223	3 223
Sal av konsesjonskraf	-10 000		-30 000	-30 000	-30 000	-30 000	-30 000
<b>Disponibele inntekter</b>	<b>-441 506</b>		<b>-466 297</b>	<b>-470 710</b>	<b>-470 710</b>	<b>-470 710</b>	<b>-467 710</b>
Renteinntekter	-6 155		-5 625	-5 625	-5 625	-5 625	-5 625
Rogaland Fylke, amortisering	-500		-900	-500	0	0	0
Utbytte fra Haugaland Kraft	-5 500		-5 500	-5 500	-5 500	-5 500	-5 500
Kursgevinstar /utbytte pengepl.m.m.	-3 000		-3 000	-3 000	-3 000	-3 000	-3 000
Renteutgifter	3 397		6 025	8 395	10 115	10 195	
Avdrag på lån	23 795		27 750	28 820	31 360	33 730	
Ulla/Førre nær.fond, utlån	3 000		3 000	3 000	3 000	3 000	
Ulla/Førre nær.fond, avdrag	-2 000		-2 000	-2 000	-2 000	-2 000	
Sosiallån, utlån	250		250	250	250	250	
Sosiallån, avdrag	-192		-192	-192	-192	-192	
<b>Netto finansinnt./-utgifter</b>	<b>13 095</b>		<b>19 808</b>	<b>23 648</b>	<b>28 408</b>	<b>30 858</b>	
Motpost avskrivningar	-35 069		-35 069	-35 069	-35 069	-35 069	
Motpost kalkulatoriske renter	-3 395		-3 395	-3 395	-3 395	-3 395	
Avsetjingar:							
Dispositionsfond	2 948		1 659	8 826	4 657	684	
Bundne driftsfond	5 041		6 050	50	50	7 794	
Bruk:							
Dispositionsfond	-7200		-9930	-650	-650	-2478	
Bundne driftsfond	-31516		-16402	-8902	-1062	-1062	
<b>Netto avsetninger</b>	<b>-30 727</b>		<b>-18 623</b>	<b>-676</b>	<b>2 995</b>	<b>4 938</b>	
Overf. til invst. driftsm.	6 526		12 407	11 393	8 292	8 542	
Overf. til invest. Konsesj.avg.	43 222		21 844	23 894	16 744	9 000	
Overf. til invest. Utbytte	5 500		5 500	5 500	5 500	5 500	
<b>Til fordeling drift</b>	<b>0</b>	<b>-442 354</b>	<b>0</b>	<b>-463 825</b>	<b>-445 415</b>	<b>-447 235</b>	<b>-447 336</b>

Rammeområde	Budsjettramer		Budsjettramer		Økonomiplan	Økonomiplan	Økonomiplan
	B 2021	B 2021	B 2022	B 2022	2023	2024	2025
	Brutto	Brutto/ netto.	Brutto	Brutto/ netto.	Brutto	Brutto	Brutto
Utgiftene er inkl. avskr.							
Kommunedirektøren inkl.	90 258	83 139	96 767	90 111	88 717	94 267	94 367
Økonomii og organisasjon	-7 119		-6 656		-6 639	-6 639	-6 639
Skatt og finans	873	613	707	622	707	707	707
	-260		-85		-85	-85	-85
Politiske organ	5 786	5 559	6 164	5 933	6 164	6 164	6 164
	-227		-231		-231	-231	-231
<b>Sum Formannskapet</b>	<b>96 917</b>	<b>89 311</b>	<b>103 638</b>	<b>96 666</b>	<b>95 588</b>	<b>101 138</b>	<b>101 238</b>
	<b>-7 606</b>		<b>-6 972</b>		<b>-6 955</b>	<b>-6 955</b>	<b>-6 955</b>
Overord. Oppvekst	14 800	11 840	17 081	13 548	16 056	13 749	13 749
	-2 960		-3 533		-3 508	-3 401	-3 401
Indre Ryfylkte PPT	5 900	2 984	6 440	3 007	6 440	6 040	6 040
	-2 916		-3 433		-3 433	-3 233	-3 233
Stølane barnehage	4 971	3 906	6 124	4 910	6 124	6 124	6 124
	-1 065		-1 214		-1 214	-1 214	-1 214
Kjølvikestølen barneh.	3 088	2 440	3 777	3 021	3 777	3 777	3 777
	-648		-756		-756	-756	-756
Vinjar barnehage	9 752	7 973	10 140	7 948	10 140	10 140	10 140
	-1 779		-2 192		-2 192	-2 192	-2 192
Sand barnehage	13 914	11 675	14 641	11 578	14 641	14 641	14 641
	-2 239		-3 063		-3 063	-3 063	-3 063
Erfjord skule	7 530	7 093	8 125	7 679	8 125	8 125	8 125
	-437		-446		-446	-446	-446
Marvik skule	3 515	3 378	3 617	3 478	3 617	3 617	3 617
	-137		-139		-139	-139	-139
Sand skule	28 986	28 025	28 591	27 609	28 719	28 719	28 719
	-961		-982		-1 007	-1 007	-1 007
Vinjar skule	12 751	12 012	12 000	11 244	12 000	12 000	12 000
	-739		-756		-756	-756	-756
Jelsa oppvekstsenter	6 505	5 845	5 955	5 358	5 955	5 955	5 955
	-660		-597		-597	-597	-597
Nesflaten oppvekstsentr.	6 122	5 710	6 204	5 810	6 204	6 204	6 204
	-412		-394		-394	-394	-394
Vanvik oppvekstsenter	3 477	3 207	3 723	3 474	3 723	3 723	3 723
	-270		-249		-249	-249	-249
Gulling leirskule	3 415	940	3 442	717	3 442	3 442	3 442
	-2 475		-2 725		-2 725	-2 725	-2 725
Introsenteret	9 969	224	10 589	627	10 983	10 523	10 715
	-9 745		-9 962		-10 381	-9 921	-10 113
Barnevern	11 092	11 092	11 155	11 142	11 155	11 155	11 155
	0		-13		-13	-13	-13
Kultur	26 658	19 129	32 646	24 946	27 736	27 736	27 736
	-7 529		-7 700		-7 625	-7 625	-7 625
Helse og Velferd	4 414	4 239	5 644	5 352	5 644	5 644	5 644
	-175		-292		-292	-292	-292
NAV Suldal	7 099	6 866	6 997	6 763	6 746	6 416	6 416
	-233		-234		-184	-184	-184
Sjukeheimen	45 335	39 926	47 288	41 055	47 288	47 288	47 288
	-5 409		-6 233		-6 233	-6 233	-6 233
Helse	30 821	21 573	29 803	20 446	29 863	29 863	29 863

	-9 248		-9 357		-9 397	-9 397	-9 397
Suldal heimeteneste	32 624	27 925	54 548	47 504	54 666	54 666	54 666
	-4 699		-7 044		-7 044	-7 044	-7 044
Vinjar bu- og oms.sent.	18 618	16 231	0	0	0	0	0
	-2 387		0		0	0	0
Suldal bu- og aktivitetss.	26 008	21 682	23 674	22 370	23 674	23 674	23 674
	-4 326		-1 304		-1 304	-1 304	-1 304
Levekårsutvalet	451	448	451	448	451	451	451
	-3		-3		-3	-3	-3
<b>Sum Levekårsutvalet</b>	<b>337 815</b>	<b>276 363</b>	<b>352 655</b>	<b>290 034</b>	<b>347 169</b>	<b>343 672</b>	<b>343 864</b>
	<b>-61 452</b>	<b>0</b>	<b>-62 621</b>	<b>0</b>	<b>-62 955</b>	<b>-62 188</b>	<b>-62 380</b>
Kultur og samfunnsutvikling	2 089	2 009	2 807	2 531	1 557	1 557	1 557
	-80		-276		-26	-26	-26
Bygdeutvikling	13 477	8 491	13 653	8 576	13 341	13 341	13 341
	-4 986		-5 077		-5 014	-5 014	-5 014
Teknisk drift	94 445	65 623	97 026	65 459	90 718	89 718	89 718
	-28 822		-31 567		-28 567	-28 567	-28 566
LMT-utvalet	570	557	572	559	572	572	572
	-13		-13		-13	-13	-13
<b>Sum LMT-utvalet</b>	<b>110 581</b>	<b>76 680</b>	<b>114 058</b>	<b>77 125</b>	<b>106 188</b>	<b>105 188</b>	<b>105 188</b>
	<b>-33 901</b>		<b>-36 933</b>		<b>-33 620</b>	<b>-33 620</b>	<b>-33 619</b>
<b>Sum driftsinnt.</b>	<b>-102 959</b>	<b>0</b>	<b>-106 526</b>	<b>0</b>	<b>-103 530</b>	<b>-102 763</b>	<b>-102 954</b>
<b>Sum driftsutg. inkl. avskr.</b>	<b>545 313</b>	<b>442 354</b>	<b>570 351</b>	<b>463 825</b>	<b>548 945</b>	<b>549 998</b>	<b>550 290</b>
<b>Sum fordelt til drift</b>	<b>442 354</b>	<b>442 354</b>	<b>463 825</b>	<b>463 825</b>	<b>445 415</b>	<b>447 235</b>	<b>447 336</b>


Rammeområde	Budsjetts- ramer		Budsjetts- ramer		Økonomi- plan	Økonomi- plan	Økonomi- plan
	B 2021	B 2021	B 2022	B 2022	2023	2024	2025
	Brutto	Brutto/ netto.	Brutto	Brutto/ netto.	Brutto	Brutto	Brutto
<b>Meir-/mindreforbr. = 0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Nto.avs.+overf. inv. budsj. = Nto. dr.res.	24 520		21 128		40 111	33 530	27 980
Nto. dr.res. i % av sum innt.	4,4		3,6		6,8	5,7	4,8
<b>Spesifikasjon fond:</b>							
Avs. til opplæringsfondet							
studieperm.fond	2000			1000	1000	0	0
" miljøfond	0			0	0	0	0
" konsesjonsavg.fond	0			0	0	0	0
" driftsprosjekt	204			204	204	204	204
" næringsfondet	0			0	0	0	0
" næringsfondet, sikr.	0			0	0	0	0
" bundne kom.fond	3000			6000	0	0	0
" bundne sjølvkostfond	1991			0	0	0	0
" integrering.tilsk.fond	744			455	480	480	480
" alt. energi	0			0	0	0	0
" fiskefond	0			0	0	0	0
" viltfond	50			50	50	50	50
" kommunikasjonsf.	0			0	0	0	0
" disposisjonsfondet	0			0	7142	3973	0
Bruk av disposisjonsfondet					-8630	-650	-650
" opplæringsfondet	-200			-200	0	0	0
" spelemiddelfond				-1100			
" konsesjonsavg.fond				-14650			
komunikasjonsf.					-7150	0	0
" bundne sjølvkostfond	0			-690	-690	0	0
" integrering.tilsk.fond	0			0	0	0	0
" bruk nærfond	-1000			-1000	-1000	-1000	-1000
" fiskefond	-62			-62	-62	-62	-62
" viltfond	0			0	0	0	0
" bufferfond konsesjonskraftsal	-7000			0	0	0	0
Netto avsetninger				-30727	-18623	-676	2995
							4938

## Inntekter



Hovudfinansieringskjelda til kommunen er rammetilskot, skatteinntekter og inntekter frå vasskraft (naturressursskatt, eigedomskatt, konsesjonskraft og konsesjonsavgifter). Inntekter frå vasskraft (inkludert all eigedomskatt) utgjer cirka 40%

### Rammetilskot og skatt private




Grunnlagsdata i rammetilskotet syner at i 2021 blir Suldal rekna å vera 18,75 % dyrare å drive enn landsgjennomsnittet. Dette talet er 0,27% lågare enn i fjor kor det var 19,02 %. Dette medfører lågare rammetilskot. Grunnlagsdata i rammetilskotet syner at i 2021 blir Suldal rekna å ha 23,9 % meir i frie inntekter enn landsgjennomsnittet (i 2020 var talet 29,5 %). Dette betyr mindre trekk i rammetilskotet då Suldal blir likare landet.

Me har nytta prognosene i Statsbudsjettet, men rammetilskotet er justert ned i tråd med auken i skatteinntektene.

Den nominelle veksten i dei frie inntektene frå 2021 til 2022 er berekna til å vera 1,6 % i Suldal, medan gjennomsnittet i Rogaland er 1,8 %. Denne veksten dekkjer ikkje auken i utgiftene kommunen har.


Inntektsanslaget på skatt av private for 2022 byggjer på signal frå statsbudsjettet, men ein har nytta eigne framskrivingar når det gjeld anslag på skatt 2021. Dette betyr at me har lagt inn eit høgare tal enn statsbudsjettet.

## Naturressursskatten



Naturressursskatten er budsjettert med 50 millionar kr, likt som i 2021. Naturressursskatten blir berekna ut i frå gjennomsnittleg produksjon siste 5 år med 1,1 øre/kWh. Denne satsen har ikkje blitt endra sidan 1999. Inntektene frå naturressursskatten blir rekna inn i inntekta i inntektssystemet.

## Eigedomskatt



Netto = etter overføring til Hjelmeland kommune. Stipla linje = eigedomsskatt utan næring

Den kraftige auka i eigedomskatt i frå 2018 til 2021 kjem av høgare straumprisar og bygging av Englandskabelen. Englandskabelen åleine gir oss årleg 23 millionar kr i inntekter. Kommunedirektøren har budsjettert med 122 millionar kr netto i 2022 ([115,9 millionar](#)). Det er 6,2 millionar kr ([12,2 millionar](#)) ned i frå 2021 på grunn av dei låge straumprisane i 2020. Eigedomskatten vil mest sannsynleg gå opp igjen i 2023 på grunn av dei høge straumprisane i 2021. Det har ein ikkje lagt inn i denne runden.

For å framleis å kunne få eigedomskatt frå bygning og grunn til gamle verk og bruk må me innføre eigedomskatt på all næring i frå 2025, då går overgangsregelen for gamle verk og bruk ut. I handlingsprogrammet har

kommandirektøren lagt til at det blir innført eigedomskatt på næring i slutten av økonomiplanperioden. Det gir cirka 3 millionar kr i ekstra eigedomsskatt. Dersom me vel å ikkje innføre eigedomsskatt på næring så vil me miste eigedomsskatten på Norsk Stein (stipla linje).

[Kommunestyret 14.12.2021: Laga sak der det vert vurdert om ein skal innføra eigedomsskatt på næring frå 2025.](#)

I 2025 er det ny allmenn takstverdi av kraftnettet. Det vil bli taksering i 2024.

Kommunedirektøren trur ikkje at taksten vil endre seg vesentleg.

### Konsesjonsavgifter

Det er budsjettet med 28,635 millionar kr. i 2022 og 29,485 millionar frå og med 2023 og resten av økonomiplanperioden. Konsesjonsavgiftene blir indeksregulert kvart 5. år etter SSB sin konsumprisindeks. Det blir i tillegg nytta frå fond 7,350 millionar kr. i 2022 og 7,150 millionar i 2023 (unytta midlar i frå tidlegare år).


### Sal av konsesjonskraft



Inntekt i frå sal av konsesjonskraft har variert mykje år for år. Salet var ned mot 0 i 2020 og kan bli over 50 millionar kr i 2021. I økonomiplanperioden har ein budsjettet med 30 millionar kr.

Suldal kommune har eit bufferfond på 40 millionar kr (jf 2. tertialmelding) som kan nyttast dersom me ikkje når budsjettet på 30 millionar kr. Tilsvarande vil ein overføre til fondet i gode år.

### Brukarbetalning og sal



Kommunale avgifter og betalingssatsar er auka med 2,5% med nokon få unntak.

- Kloakk- og vassavgiftene generelt (årleg avgift) har blitt auka med 5,0% frå og med 2022, medan Mosvatnet aukar med 2,5% i 2022 og 2023. Frå 2024 vert det foreslått å auka Mosvatnet med 50%. Dette fordi avgifta framleis ligg godt under sjølvkost. Kloakk- og vassavgifter er eit sjølvkostområde kor inntektene skal dekke utgifter til drift og investering. No blir området subsidiert i frå kommunen sitt driftsbudsjett. Tilknytingsavgifta har blitt auka med 2,5%.

Kommunestyret 14.12.2021: Gjennomgang av betalingssatsane for vatn og kloakk når det gjeld Mosvatnet-området i 22-23. Avverna signalisert auke i 24 til etter gjennomgang.

- I 2022 vil ein få inn meir i tilknytingsavgifter på Mosvatnet ved ferdigstilling av VA i Rota-området.
- Barnehagetakstane er sett opp i tråd med statsbudsjettet.
- Nokre prisar blir bestemt ut i frå lov og forskrift.

**Kommunalt eigde selskap:**

**Haugaland Kraft AS (vår eigardel er 2,89%)**

Her er det budsjettert med eit utbytte på 5,5 million. Dette blir i sin heilskap nytta til å finansiera investeringar.

**Rygjatun Eigedom AS (vår eigardel er 100%).**

Det er ikkje budsjettert med utbytte.

**Suldal bad publikum AS (vår eigardel er 100%).**

Det er ikkje budsjettert med utbytte.

**Renter**

Rentebiletet er framleis påverka av pandemien. Det er venta ein auke i inflasjon opp mot målet på 2%. Rentenivå vil nyttast som verkemiddel til å auka sysselsettinga etter pandemien. Risikoen er at kapasitetsproblem kan gje større lønsvekst enn venta. Det kan sjå ut til at Noregs bank vil gjennomføra renteendringane gradvis. Korleis endringa verkar på den økonomiske veksten, avgjør kva tid og kor stor neste endring blir.

Med utgangspunkt i forventa renteauke i desember -21, vil truleg renta auka med 1,5-1,7% prosentpoeng i økonomiplanperioden. Ein stor del av dette vil skje i løpet av budsjettåret -22. Forventinga er at auken blir på 0,9% poeng. Dette vil medføra ei lånerente for neste budsjettår på 1,8%, og som i løpet av økonomiplanperioden aukar til 2, 6%. Større økonomisk tilbakeslag i verdsøkonomien kan forsinke denne utviklinga. Tilsvarande vil større vekst enn venta, gi ei akselererande kraft.

## **Utgifter**

Budsjettet blir sett saman slik at ein først konsekvensjusterer alle tal slik at lønsauke, endring i pensjon eller avtaleverk og avtalte endringar i avtalar blir oppdatert. I tillegg legg ein inn nye politiske vedtak som gir driftskonsekvensar eller som er ein følge av statlege vedtak eller andre sentrale avtalar gjort mellom KS og arbeidstakar-organisasjonar. I tillegg kjem eventuell auke/reduksjon i driftsutgifter knytt til nye investeringar. Endringar som følge av reduserte inntekter vert også lagt inn. Løn inkludert sosiale kostnader utgjer 66,2 % av driftskostnadene før avskriving og rente.

### **Løns- og prisstigning:**

Pris- og lønsvekst, også kalla deflator, som er nytta i statsbudsjettet for 2022 er på 2,5% (herav løn 3,2 pst og vareinnsats 1,6 pst).


Løn og sosiale kostnadar samla har ein auke med netto 7,3 millionar kr. samanlikna med budsjett 2021. Dette kjem av endringar i stillingar, lønsoppjer og auka pensjonskostnadar. Lønsoppjeret for 2021 utgjorde 8,7 millionar kr. inkludert sosiale kostnadar.

### **Pensjonskostnadar:**

Pensjonskostnadane var forventa å gå ned i 2021 og budsjettet pensjon var difor redusert. Slik vart det ikkje, pensjonskostnadane gjekk kraftig opp, noko som skuldast vesentleg høgare løns- og trygdeoppjer enn anslaga frå KLP tilsa. For 2022 har ein budsjettet med same nivå som for 2021 (med auke for lønsoppjeret) og vil som nemnt i 2. tertialrapport 2021 nytta premiefondet til å dekkja inn delar av pensjonskostnadane.

### **Tal årsverk:**

Det er frå 2021 til 2022 ein auke i faste stillingar på 1,6 årsverk. 0,1 årsverk gjeld felles ressurs internkontroll. 1,0 årsverk er auke med ein ekstra LIS lege. 0,5 årsverk er omgjering frå kjøp av tenester til psykolog til 0,5 årsverk fast stilling som psykolog. Einingane innafor omsorg og oppvekst omfordelar 0,5 årsverk i tillegg slik at dette vert 1,0 årsverk psykolog. I tillegg er det lagt inn 1,6 årsverk engasjement/ prosjektstillingar i to år. 0,5 av desse på NAV, 0,5 hjå PPT og 0,6 hjå Økonomi og organisasjon. Felles for desse stillingane er at dei etter to år skal ha gitt mindre utgifter eller meir inntekter (sal av tenester) hjå einingane.



### **Kjøp av varer og tenester:**

Det er kompensert for prisstigning og for kjente endringar i tråd med økonomiplanen. I tillegg kjem auke i utgifter til felles IT på eksisterande avtalar, personell og driftskonsekvensar av nye investeringar.

### **Tilskot og overføringer:**

Det er endringar i tilskot innafor kyrkjja slik:

Tilskot til brannsikring av Jelsa kyrkje i 2022 med 1,2 millionar kr. Av desse bidreg Riksantikvaren med 0,450 millionar kr. (Investeringsbudsjettet) I tillegg kjem mur rundt Sand kyrkje med 0,250 millionar kr. i

2022 og kyrkjetak i Erfjord med 1,5 millionar i 2022. Sjå eigen omtale under «Innspel frå lag og organisasjoner».

Kommunestyret 14.12.2021: Tilskot til badestrand Marvik med 0,450 millionar kr.

Kommunestyret 14.12.2021: Tilskot til VA-anlegg i Marvik (A. Stokka) 1,150 milionar kr. Dersom det vert lagt opp til ei redusert utbygging, vert summen redusert tilsvarende.

#### Tilskot til straumutgifter

Oppretta ei tilskotsordning for å hjelpe innbyggjarar som har vanskar med å betale høge straumrekningar.

- Søkbar for hushaldningar med forsørgaransvar for born med samla brutto lønnsinntekt / inntekt (eks barnetrygd og liknande) på inntil 600.000 kr
- Søkbar for einslege med samla brutto inntekt på inntil 400.000 kr

For 2022 blir det gitt støtte på kr 10.000 kroner. Det kan kun sendast ein søknad pr hushaldning og den som søker må være den som straumen/fakturaen er registrert på.

Søkjaren må vera folkeregistrert i Suldal kommune pr 01.12.21.

Tilskotet er tillitsbasert, men opplysningane må kunna sjekkast opp mot opplysingar kommunen allereie har. Skal finansierast via disposisjonsfondet.

Sjå HP pkt 1.1.0.2.

#### Renter:

Lånerenta er lagt inn med 1,81% i 2022, 2,39% i 2023, 2,61% i 2024 og 2,66% i 2025. Avdragstida er 20 år på alle lån med unntak av utbygginga av VA-anlegg på Mosvatnet som har 30 år.

#### Ulla Førre Næringsfond

Kommunen har 01.01.2021 saldo fondskapital på 28,9 mill. kr. I tillegg er det utlån uteståande pr. 01.01.21 på 24,6 millionar.

Det er i 2022 budsjettert med 3 mill. kr. i støtte/utlån, finansiert med 2 mill.kr i innbetalte avdrag og 1 mill.kr frå fondet. Bruken av fondet til å finansiera utlån er lik i heile økonomiplanperioden. (sjå tabell under).

Sikringsfondet (for å dekka eventuelt tap på utlån i næringsfondet) er på 7,3 mill.kr per 31.12.2020. Sjå eige vedlegg om styrking i vedleggsheftet.

Ulla Førre Næringsfond	2021	2022	2023	2024	2025
Saldo fondskapital	28 898 000	27 898 000	26 898 000	25 898 000	24 898 000
Avsetjing til fond	0	0	0	0	0
Bruk av fond	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
Sum	27 898 000	26 898 000	25 898 000	24 898 000	23 898 000
Til utlån dersom 2 million blir tilbakebetalt i avdrag årleg	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000

*Urørlig grunnkapital kr. 10 mill.*

## Investering

### ØKONOMIPLAN 2022 - 2025 - INVESTERING

(2022-kroner, summar i heile tusen)

Rammeområde	Budsjett	Budsjett	Økonomi-	Økonomi-	Økonomi-
	2021	2022	plan	plan	plan
Formannskapet	176 199	118 300	128 450	130 150	129 380
Levekårsutvalet					
LMT-utvalet					
<b>BRUTTO INVESTERINGSUTGIFTER</b>	<b>176 199</b>	<b>118 300</b>	<b>128 450</b>	<b>130 150</b>	<b>129 380</b>
Utlån					
Startlån Husbanken	5 000	5 000	5 000	5 000	5 000
Avdrag, Startlån Husbanken	2 325	2 535	2 535	2 535	2 535
Kjøp av aksjer og andelar	1 900	2 000	2 000	2 000	2 000
Dekning av tidl. års udekka					
Avsett til ubundne investeringsfond					
Avsett til bundne investeringsfond					
<b>SUM FINANSIERINGSBEHOV</b>	<b>185 424</b>	<b>127 835</b>	<b>137 985</b>	<b>139 685</b>	<b>138 915</b>
<b>FINANSIERING:</b>					
Bruk av lån, investeringar	-93 747	-64 765	-63 958	-64 448	0
Bruk av lån, Startlån Husbanken	-5 000	-5 000	-5 000	-5 000	-5 000
Mottatte avdrag på utlån, Startlån Husbanken	-2 325	-2 535	-2 535	-2 535	-2 535
Mottatte avdrag på utlån					
Tilskot og refusjonar 1)	-6 160	-850	-835	0	-75 758
Kompensasjon for merverdiavgift	-21 894	-13 934	-23 870	-25 620	-25 426
Overført frå driftsbudsjetten, driftsmidlar	-6 526	-12 407	-11 393	-8 292	-8 542
Overført frå driftsbudsjetten, konsesjonsavg.	-43 222	-21 844	-23 894	-16 744	-9 000
Overført frå driftsbudsjetten, utbytte	-5 500	-5 500	-5 500	-5 500	-5 500
Sal av faste eigedom o.a.	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
Sal av driftsmidlar		-50			
Sal av aksjer og andelar					
Bruk av ubundne investeringsfond				-10 546	-6 154
Bruk av bunde investeringsfond					
<b>SUM FINANSIERING</b>	<b>-185 424</b>	<b>-127 835</b>	<b>-137 985</b>	<b>-139 685</b>	<b>-138 915</b>
<b>1) Tilskot og refusjonar, fordeling</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>
Husbanken					
Vinjarheim					
<u>Bustader /Dagtilbod/Base Jelsa</u>	-6160				
Bygging ny sjukeheim					-73 758
Bygging ny sjukeheim, dagtilbod					-2 000
Spelemidlar		-400		-835	
Riksantikvaren		-450			
Sparebankstiftelsen					
<u>Samla tilskot og refusjonar</u>	<b>-6160</b>	<b>-850</b>	<b>-835</b>	<b>0</b>	<b>-75 758</b>

OVERSIKT OVER INVESTERINGSPROSJEKT (2022-kr, i heile tusen)						
		2021	2022	2023	2024	2025
Prosjekt.nr.	Investeringsprosjekt:	Brutto	Brutto	Brutto	Brutto	Brutto
		inv.	inv	inv	inv	inv
	<b>Fellesprosjekt:</b>					
1.090.01	Universell utforming kyrkjebygg	500	500			
1.090.02	Jelsa kyrkje, brannsikr. og oppvarm.		3 200			
1.002.05	IT-samarb. i Ryfylke	2 764	3 000	1 500	1 500	1 500
1.012.03	Digital satsing suldalsskulane	450	450			
1.015.01	Utskifting PC vaksenopplæringa	465				
1.002.06	Trådlaust nettverk	650				
1.001.05	Utskifting PC administrasjonen	1 210	1 400	750	750	750
1.001.06	Utskifting skule		800	4 100	800	
1.001.09	Fleksisystem / fråværslapp.	160	160			
1.000.01	Valavlukke / valutstyr	200				
1.005.03	Digitale møterom	1 000	1 600			
1.005.02	Digitalisering	500	900			
1.005.04	Digitale verktøy tilgj. for alle tilsette	500	500	500	500	
1.011.01	Nettbrett i omsorg	200	200			
1.011.03	Velferdsteknologi	1 000	1 000			
1.013.01	Rømningsveg og terasse,k.huset		240			
	<i>Sum Fellesprosjekt</i>	9 599	13 950	6 850	3 550	2 250
	<b>Oppvekt</b>					
2.030.02	Uteområde Randåsen barnehage	800	800			
2.031.02	Lærerimdlar (eller del av digitalisering)	250				
	<i>Sum Oppvekst</i>	1 050	800	0	0	0
	<b>Kultur</b>					
5.003.01	Suldalshallen, oppgradering				5 000	5 000
5.010.01	Symjehall/Badeanlegg	2 000				
5.010.04	Suldal bad, kunstnarleg utsmykking	50				
5.015.02	Kunstgrasbane Kjølvikstølen		1 670			
5.014.01	Fornying Kulturhuset	5 700				
5.016.01	Musikksmiå, carport / lager	1 100				
5.017.01	Meir ope bibliotek		500			
5.010.05	Kjøleanlegg resepsjon Suldal Bad		300			
4.026.02	Dagsturhytt 1		1 000			
4.026.03	Dagsturhytte 2		1 450			
	<i>Sum Kultur</i>	8 850	4 920	0	5 000	5 000

		2021	2022	2023	2024	2025
Prosjekt.nr.	Investeringsprosjekt:	Brutto inv.	Brutto Inv	Brutto inv	Brutto inv	Brutto inv
	Helse og Velferd					
3.017.02	Vinjarheim	12 800			1 000	2 000
3.017.03	Bustader / Dagtilbod / Base Jelsa	11 700				
3.017.04	Bygging ny sjukeheim	1 000	10 300	79 400	94 400	94 400
3.017.06	Bygging ny sjukeheim, dagtilbod		100	1 000	1 300	1 300
3.017.07	Bygging ny sjukeheim, tilbygg Helse		400	3 600	4 300	4 300
3.017.08	Bygging ny sjukeheim, inventar/utst.					16 130
3.021.01	Kjøp av bil Suldal bu- og aktivit.	400				
		25 900	10 800	84 000	101 000	118 130
	Næringsbygg/område:					
4.019.02	Meieriområdet, Sand sentrum					
4.019.03	Sand sentrum Nord, byggetr. I	8 000	11 800			
4.019.05	Sand sentrum Nord, byggetr. II			12 000		
4.019.06	Sand sentrum Nord, byggetr. III					1 000
4.011.01	Kjøp av næringsareal	4 700				
4.024.01	Opparbeiding næringsareal	12 700				
4.024.02	Opparbeiding Tysingvatnet	700	500			
4.011.03	Næringsomr. Berghagen, Sand	500				
	Sum næringsomr.	26 600	12 300	12 000	0	1 000
	Bustadfelt:					
4.039.01	Kommunalt bustadfelt Suldalsosen	20 500	7 000			
4.051.01	Bustadfelt Sandaneset, Jelsa	5 000	29 700			
4.045.04	Bustadfelt Randåsen / Klypa	300	50			500
4.052.01	Skjerahaug bustadfelt	9 000				
	Sum bustadområde:	34 800	36 750	0	0	500
	Bygg/bustader:					
4.048.02	Kjøp husvære / Kjøp av tomt	4 500	3 500			
	Sum bygg/bustader:	4 500	3 500	0	0	0
	Vatn og avløp:					
6.035.02	VA-Sand, avsan. Rallebekken	4 400				500
6.049.01	Nytt vassv. Sand	500	3 000	24 000		
6.041.01	Kloakkrenseanlegg Sand	1 000				
6.047.01	VA Rota, Mosvatnet	13 000	6 000			
6.036.01	Ny vassfors, Vatlandsvåg/Kjølvikstølen	7 200	7 000			
6.045.10	VA-anlegg Åsliane - Gullingent utv.	3 000	6 500			
6.012.03	Oppgr. Suldalsosen vssv., forprosj.	200	300			
6.005.01	Driftsovervakingsentr. Vassmålar	200	200			
	Sum vatn(avløp)	29 500	23 000	24 000	0	500

		2021	2022	2023	2024	2025
Prosjekt.nr.	Investeringsprosjekt:	Brutto inv.	Brutto Inv	Brutto inv	Brutto inv	Brutto inv
	Vegar:					
7.057.01	Gangveg Sand - Garaneset	150	1 140			
7.061.01	Vegkryss Kjølvikstølen	1 800				
7.062.01	Vegkryss Erøyvik					2 000
7.044.01	Ombygging gatelys til LED	3 100	4 900	1 600		
7.069.01	Stuvastøl bru		1 000			
	Sum vegprosjekt	5 050	7 040	1 600	0	2 000
	Andre tiltak:					
6.018.03	Varebilar teknisk drift	1 000				
1.999.02	Prosjektbil til utbyggingsavd.		500			
6.056.01	Ny branngarasje Jelsa	18 300	2 000			
6.053.03	Brannstasjon Sand, forprosjekt oppgr.	200	200			
6.053.04	Brannstasjon S.osen, forprosjekt opp.	200	150		20 600	
5.012.01	Erfjord kyrkjegard, grunnkj/opparb.	4 300				
4.044.01	Sand småbåthamn	100				
5.011.01	Badeplass Nesi	400				
5.011.02	Badeplass Haben	1 000				
1.017.01	Solskjerming kommunehuset	1 000				
4.090.01	Miljøtiltak, eks. Ladepunkt kom. bygg	1 200	200			
7.039.02	Offentleg toalett Hålandsosen	1 000				
6.061.01	Tømmestasjon for bobil	1 050				
6.019.04	Feiebil		1 500			
4.026.01	Velkommen til skilt i alle grender	600	690			
	Sum Andre tiltak	30 350	5 240	0	20 600	0
	SUM FORMANNSKAPET	176 199	118 300	128 450	130 150	129 380

#### Kommentar:

Dei investeringane som kommunestyret vedtok i desember 2020 er i hovudsak fulgt opp i dette budsjettet. Det er føreslått nokre justeringar i summar for einskilde prosjekt. Det er vidare føreslått justeringar av tidspunkt for gjennomføring av nokre få prosjekt. Det har kome til nokre få nye investeringsprosjekt. Alle investeringsprosjekta er omtala i eige notat i vedleggsheftet.

Det er lagt inn investeringar i 2022 på kr. 57,67 mill. Dersom rebudsjettinger fra 2021 til 2022 på kr. 54,18 mill. vert vedteken, vil budsjett for 2022 bli på kr. 111,85 mill. Dette er ein betydeleg nedgang frå 2021 og samsvarar meir med kva som er realistisk å få gjennomført.

Av større investeringar i økonomiplanen, ligg desse investeringane inne:

#### Suldalshallen

Det er gjennomført ei tilstandskartlegging med tilhøyrande kalkyle for oppgraderingstiltak for Suldalhallen. Registrert tilstand er vurdert opp mot referansenivå TEK17. Det er gjort ei tilstandsvurdering av sjølve bygninga og dei ulike tekniske installasjonane. Det er med bakgrunn i referansenivå TEK17 estimert kostnader i storleik kr. 22 mill. eks. mva for bygningsmessige fag og kr. 28 mill. eks mva for tekniske fag. Det er trong for å vurdere behov, prioritering og likeins gjere vurderingar om kva som er investering og kva som er vedlikehald. **Det er føreslått sett av kr. 5,0**

**mill. i kvart av åra 2024 og 2025 for gjennomføring av prioriterte investeringstiltak.**

### **Utbygging og bruk av bygningsmassen innan omsorgstenesta**

#### **Vinjarheim**

Det er gjort vedtak om at realisering av ny Suldal sjukeheim skal prioriterast før utbygging av Vinjarheim. **Det er difor føreslått å sette av kr. 1,0 mill. i 2024 og kr. 2,0 mill. i 2025 til vidare prosjektering av nye Vinjarheim med bakgrunn i skisseprosjekt utarbeidd i 2021.**

Det vert lagt opp til at når nye Suldal sjukeheim står ferdig og blir tatt i bruk, så skal ein vere i posisjon til å starte opp med realiseringa av nye Vinjarheim. Løyvingar til gjennomføring av byggeprosjektet vil bli føreslått innarbeidd i økonomiplanen i åra 2026, 2027 og 2028 ved framtidig rullering av økonomiplanen. Med bakgrunn i kalkylar i skisseprosjektet, vil det bli føreslått å sette av kr. 7 mill. i 2026, kr. 34 mill. i 2027 og kr. 30 mill. i 2028 til realisering av prosjektet. Det er forventning om at byggeprosjektet vil få tilskott frå Husbanken på kr. 15,1 mill. Netto prosjektkostnad for Suldal kommune vil for åra 2024 – 2028 då vere på kr. 58,9 mill.

#### **Suldal sjukeheim**

Det er vedtatt at det skal byggast ny Suldal sjukeheim med bakgrunn i skisseprosjektet lagt fram i kommunestyret i augustmøtet 2021.

**Det er med bakgrunn i skisseprosjektet føreslått sett av til saman kr. 292,0 mill. i økonomiplanperioden.** Utgifter til ulike utbetrings- og oppgraderingstiltak ved Vinjarheim for å førebu flytting av beboarar ved sjukeheimen til Vinjarheim i byggeperioden er innarbeidd i budsjetta medrekna budsjettet for 2021. I tillegg er det føreslått sett av i overkant av kr. 16,0 mill. til inventar og utstyr. **Det er forventning om at byggeprosjektet vil få tilskott frå Husbanken på kr. 75,0 mill. Netto prosjektkostnad for Suldal kommune vil i økonomiplanperioden då vere kr. 233,0 mill. inklusiv forslag om løyving til utviding av helsedelen og inventar og utstyr.** Dette tilsvrar ein nedgang i løyvingane i høve vedtatt i økonomiplanen for 2021 – 2024 på kr. 20,0 mill. (frå kr. 253,0 mill. til kr. 233,0 mill.)

Det vert hausten 2021 arbeidd med forprosjekt for byggeprosjektet. Det er gjennomført vurderingar for val av entrepriseform. Det er konkludert med at byggeprosjektet skal gjennomførast med bakgrunn i ein modifisert totalentreprise. Dette betyr at prosjektet blir lyst ut på anbod der byggherre har gjennomført prosjektering på forprosjektnivå

og der ansvaret for detaljprosjektering blir overlatt til totalentreprenøren. Byggherre vil og gi føring på at totalentreprenøren skal bruke byggherre sin arkitekt i sin detaljprosjektering. Ved ein slik entrepriseform, er det viktig at byggherre gir klare føringar i konkurransegrunnlaget når det gjeld materialbruk, kvalitet, føringar for tekniske anlegg, velferdsteknologi m.v.

### **Sand sentrum Nord**

Byggeprosjektet Sand sentrum Nord omfattar opprusting og utbygging av areala som ligg innafor vedtatt reguleringsplan for Sand sentrum Nord. Kommunedirektøren har føreslått å dele denne utbygginga inn i tre byggetrinn. Byggetrinn I omfattar trafikkarealet ved Bekkjatorget, kafrontar ved Bekkjatorget med ny kai for bauganløp av hurtigbåt, og utforming av vegkrysset i sentrum nord-aust for Bekkjatorget.

Byggetrinn II er omfatta av veg- og gangareal og parkeringsareal mellom vegkrysset ved Bekkjatorget og avkjøringa opp til kommunehuset.

Byggetrinn III er omfatta av veg- og gangareal og parkeringsareal mellom avkjørsla opp til kommunehuset og inn mot Nedre Dalane. **Med bakgrunn i kalkylar er det føreslått å sette av kr. 5,0 mill. i 2022 til gjennomføring av byggetrinn I, kr. 12,0 mill. i 2023 til gjennomføring av byggetrinn II, og kr. 1,0 mill. i 2025 til detaljprosjektering og utarbeiding av anbodsgrunnlag for byggetrinn III.**

### **Sandaneset bustadfelt, Jelsa**

Det pågår arbeid med anbodsgrunnlag for opparbeiding av Sandaneset bustadfelt på Jelsa. Utlysing på anbod er tidfesta til slutten av november månad. Forventa byggestart for opparbeiding av bustadfeltet er våren 2022. Bustadfeltet inneheld til saman 23 tomter til bygging av einebustader og eit område til koncentrert utbygging av rekkehus eller liknande. **Det er i vedtatt økonomiplan for 2021 – 2024 sett av kr. 25,0 mill. i 2022 til gjennomføring av prosjektet.**

### **Nytt vassverk, Sand**

Det har i perioden mars 2020 til mars 2021 pågått prøvepumping av nye råvassbrønnar ved sida av Suldalslågen aust for Bergekrossen. Prøvepumpinga og analyser av råvatnet er no avslutta. Utbygging av nytt vassverk for Sand er tidfesta til 2022 i vedtatt økonomiplan. Eksisterande vassverk i Larvika på Sand vil etter dette bli reservervasskjelde for Sand. Mattilsynet har krav om at Sand skal ha eit operativt

reservevassverk. Forprosjekt med kostnadskalkyle er på det nærmeste på plass. Det vert vidare arbeidd med å få på plass ulike løyper frå NVE og andre overordna styresmakter. Det må også gjerast avtalar med grunneigar om areal til råvassbrønnar, vassbehandlingsanlegg og røyrtrasear, og avtale om kompensasjon for redusert bruksrett som følgje av klausulerte areal i området. Forslag til sonevis klausulering er på plass. Der er starta opp reguleringsarbeid med sikte på å få innarbeidd dei sonevis klausuleringsområda med tilhøyrande føresegner i ein reguleringsplan. Fylkeskommunen har varsle at dei vil gjennomføre arkeologiske undersøkingar i planområdet. Desse undersøkingane vil først bli gjennomført kring påsketider i 2022. Framlegg til reguleringsplan for området vil difor ikkje bli lagt fram før 1. gongs handsaming før desse registreringane er gjennomført. Ut frå status for prosjektet hausten 2021, vil fysisk oppstart av gjennomføringa av prosjektet truleg først kunne skje mot slutten av 2022. Utbyggingsprosjektet er kostnadsrekna til kr. 26,0 mill. eks mva. Då er kostnader til reguleringplanprosessen og kostnader til grunnerverv ikkje tatt med.

**Kommunedirektøren rår til at det vert sett av kr. 3,0 mill. i 2022 og kr. 24,0 mill. i 2023 til gjennomføring av prosjektet.**

#### Ny brannstasjon, Suldalsosen

Der er starta opp arbeid med skisseprosjekt for etablering av ein ny brannstasjon på Suldalsosen. Den nye brannstasjonen er tenkt plassert i Prestavikjo på same område som eksisterande branngarasje står. Det må gjennomførast vurderingar knytt til flaumfare på den aktuelle tomta før vidare prosjektering. Ein ny brannstasjon på Suldalsosen kan byggast lik den nye brannstasjonen på Jelsa. Brannstasjonen på Jelsa er bygd ut frå føringar frå Haugaland Brann og Redning om storleik, standard og innhald av ein "minimumsstasjon" i HBR.

**I vedtatt økonomiplan for 2021 – 2024 er det sett av kr. 20,6 mill. i 2023 til bygging av ny brannstasjon på Suldalsosen.**

**Kommunedirektøren rår til at løvinga i 2023 på kr. 20,6 mill. vert flytta til 2024.**

#### Kunstgrasbane på Kjølvikstølen

IL Haugil har henta inn prisar på å bygge ut grusbanen på Kjølvikstølen til kunstgrasbaneanlegg. Suldal kommune er grunneigar. Ved utbygging som eit kommunalt kunstgrasbaneanlegg med finansiering også

ved hjelp av tippemidlar, kan baneanlegget byggast ut etter modell som kunstgrasbaneanlegget ved Sand skule, der Suldal kommune går inn med 1/3 del, IL Haugil med 1/3 del og at 1/3 del av kostnadane vert finansiert av spelemidlar.

Prosjektet er samla kostnadsrekna til kr. 2,5 mill. I denne kalkulen ligg grunnarbeid, kunstgrasdekke, gjerde og utstyr og belysning av anlegget.

**Kommunedirektøren rår til at det vert sett av kr. 1.670.000,- i 2022 til finansiering av 2/3 av anlegget ( Suldal kommune sitt bidrag og forskottering av tippemidlar). IL Haugil sin 1/3 av prosjektkostnaden kan dekkast inn gjennom eigeninnsats på arbeid og økonomisk bidrag.**

#### VA-Åsliane

Offentleg VA-anlegg Åsliane ( Gulling Utviklingsselskap ) ( 6.045.10) Regulert budsjett for 2021 er på kr. 2,9 mill. Suldal kommune kostar innkjøp av alt materiell til VA-anlegga med bakgrunn rammeavtale med leverandør. Gulling Utviklingsselskap AS utfører arbeidet med legging av leidningsanlegget samstundes som dei bygger interne vegar m.v i hyttefeltet. Denne utbygginga gjeld byggetrinn I dette hyttefeltet. Suldal kommune vil etter utbygginga vere eigar av vatn- og avløpsanlegga. Suldal kommune vil og kunne krevje inn tilknytingsavgifter og årsavgifter for vatn- og avløp etter kvart som hyttefeltet vert bygd ut med hytter. Byggetrinn I vil bli fullført i løpet av 2021. Truleg vil om lag 1,5 mill. av løying i 2021 ikkje bli nytta for gjennomføring av byggetrinn I. Dersom byggetrinn II som gjeld hytteområda på nordsida av vegen opp til skitrekket (Steinaslotto og Øykjaholo) skal kunne realiseraast må det løyste ytterlegare kr. 5,0 mill.

Dette byggetrinnet er allereie prosjektert og er på det nærmaste klart til å sendast ut på anbod. Byggetrinn II gjeldande vatn- og avløpsanlegg er tenkt gjennomført som eit eige kommunalt byggeprosjekt og kan gjennomførast allereie i 2022 då plangrunnlaget er klart. Gulling Utviklingsselskap AS ser det som ynskjeleg at Suldal kommune gjennomfører VA-utbygginga av byggetrinn II i 2022.

**Kommunedirektøren har ikkje prioritert dette prosjektet i investeringsbudsjettet for 2022.**

**Kommunestyret 14.12.2021: VA-anlegg Åsliane trinn 2, investering 5 millionar kr. i 2022.**

## Finansiering av investeringane i økonomiplanperioden

Finansiering	2021	2022	2023	2024	2025	22-25
Lån	93 747	64 765	63 958	64 448	0	<b>193 171</b>
Frå ordinær drift	6 526	12 407	11 393	8 292	8 542	<b>40 634</b>
Frå drift (konsesjonsavgift)	43 222	21 844	23 894	16 744	9 000	<b>71 482</b>
Frå drift (utbytte)	5 500	5 500	5 500	5 500	5 500	<b>22 000</b>
Sal av fast eigedom	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000	<b>4 000</b>
Kompensasjon for mva	21 894	13 934	23 870	25 620	25 426	<b>88 850</b>
Bruk av disposisjonsfond	0	0	0	10 546	6 154	<b>16 700</b>
Tilskot og refusjon	6 160	850	835	0	75 758	<b>77 443</b>
<b>Totalt</b>	<b>178 049</b>	<b>120 300</b>	<b>130 450</b>	<b>132 150</b>	<b>131 380</b>	<b>514 280</b>
<b>% lånefinansiert</b>	<b>53 %</b>	<b>54 %</b>	<b>49 %</b>	<b>49 %</b>	<b>0 %</b>	<b>38 %</b>

Fig: Alle tal i hele tusen. Tala er henta i frå oversyn investering.

**Bruk av lån i økonomiplanperioden er samla 193 millionar kr. Av desse er nye lån totalt 154 millionar kr i fireårsperioden.** Samstundes betaler me ned låna med avdragstid på 20 år. Lånegjelda i slutten av perioden vil då vera på **307 millionar kr.**

Utvikling i opptak av lån	R 20	Rev 21	ØP 22	ØP23	ØP24	ØP25
Nye lån		25 436	<b>25 321</b>	63 958	64 448	0
Avdrag		23 795	27 370	28 440	30 980	33 350
<b>Forventa lånesaldo 31.12</b>	<b>272 165</b>	<b>273 806</b>	<b>271 757</b>	<b>307 275</b>	<b>340 743</b>	<b>307 393</b>
<b>Nøkkeltal lån</b>						
Langsiktig gjeld eksl pensjon per innbyggjar i 1000	83 947	72 054	71 344	80 691	89 498	80 722
Lånegjeld i % av driftsinntektene	47 %	47 %	46 %	50 %	54 %	48 %

Fig: Utvikling i låneopptak. R= rekneskap. Rv = revidert rekneskap. B = budsjett. ØP = økonomiplan

## Bruken av konsesjonsavgiftene og avkastning næringsfondet

DRIFTSTILTAK	2021	2022	2023	2024	2025
Reisemål Ryfylke - driftstilsk.	424 000	<b>436 000</b>	436 000	436 000	436 000
Suldal Vekst AS/ kjøp av tenester	2 273 000	<b>2 339 000</b>	2 339 000	2 339 000	2 339 000
Løypekøyring Mosvatnet, tilskot	700 000	<b>700 000</b>	700 000	700 000	700 000
Tilskot bygdeutviklingsstilling	374 000	<b>374 000</b>	374 000	374 000	374 000
Vinterlandbruksskulen driftstilsk	46 000	<b>46 000</b>	46 000	46 000	46 000
Tilskot "Toppvolley Norge"	300 000	<b>300 000</b>	300 000	300 000	300 000
Ryfylkemuseet - utviklingsdelen	747 000	<b>747 000</b>	747 000	747 000	747 000
Ryfylkemuseet bygningsvernsenter	500 000	<b>250 000</b>			
Tilskot Suldalsdampen	250 000	<b>250 000</b>			
"Expedition Ryfylke"	100 000		0	0	0
Lysefjorden utvikling	27 000	<b>27 000</b>	27 000	27 000	27 000
Sentrumsleiar	150 000	<b>150 000</b>	150 000	150 000	150 000
Formannskapet sin disp. konto					
til støtte til utviklingstiltak	200 000	<b>200 000</b>	200 000	200 000	200 000
Landbruksstøtte	1 750 000	<b>1 750 000</b>	1 750 000	1 750 000	1 750 000
Tilskot skjøtsel av kulturminne	170 000	<b>170 000</b>	170 000	170 000	170 000
Kalking Suldalslågen - netto	317 000	<b>317 000</b>	317 000	317 000	317 000
Næringsutvikling/Reiselivsutvikling		<b>1 220 000</b>	1 320 000	1 320 000	1 320 000
Næringsstilskot	421 000				
Tilskot opnekyrkjer	50 000	<b>50 000</b>	50 000	50 000	50 000
Den Norske filmfestivalen	25 000				
Vilkårsprosjekt RIKS, New Kaupang	50 000	<b>100 000</b>			
Tilskot etter søknad					
Rygjatun eigedom - elevheimar	2 000 000	<b>4 000 000</b>	4 000 000	4 000 000	4 000 000
Tilskot hurtigladarar - 3 stk	1 500 000				
Tursti Gullingen	100 000				
Dagsturhytta	250 000				
Fiskerihamn Jelsa	250 000				
Erfjord IL, fotballbane		<b>2 200 000</b>			
Avsetjing til konsesjonsavg.fond					7 744 000
Avsetjing til fondskapitalen UF					
Styrking av UF sikringsfond					
Avsetjing til bundne komm.fond	3 000 000	<b>6 000 000</b>			
40% st. knytt til næringsfondet	370 000	<b>370 000</b>	370 000	370 000	370 000
Medlemskap LVK	745 000	<b>745 000</b>	745 000	745 000	745 000
LVK-samlingar / kompetansehev.	100 000	<b>100 000</b>	100 000	100 000	100 000
<b>INVESTERINGSTILTAK</b>					
Næringsareal					
Opparbeiding næringsareal					
Sentrum Nord	7 000 000				
Byggjefelt	300 000	<b>14 544 000</b>			
Vassverk			23 894 000		
Overføring til investering	7 000 000			16 744 000	9 000 000
<b>SUM BRUK</b>	<b>31 489 000</b>	<b>37 385 000</b>	<b>38 035 000</b>	<b>30 885 000</b>	<b>30 885 000</b>
Konsesjonskraft/avk. næringsfond	31 489 000	37 385 000	38 035 000	30 885 000	30 885 000
Til bruk					
Konsesjon	28 557 000	28 635 000	29 485 000	29 485 000	29 485 000
Konsesjonsavgift frå fond	1 532 000	7 350 000	7 150 000		
Næringsfondet					
Renter bank	400 000	400 000	400 000	400 000	400 000
Renter utlån	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
<b>SUM FINANSIERING</b>	<b>31 489 000</b>	<b>37 385 000</b>	<b>38 035 000</b>	<b>30 885 000</b>	<b>30 885 000</b>

## Resultat

Her syner ein budsjettet netto driftsresultat i kr (heile tusen) og i %.

Netto driftsresultat i 1000		2022	2023	2024	2025
Netto driftsresultat		21 128	40 111	33 530	27 980

Netto driftsresultat %	Mål	2022	2023	2024	2025
Budsjettet	4,5 %	3,6 %	6,8 %	5,7 %	4,8 %

(Dette er eit kunstig høgt resultat i 2022. Litt av grunnen (ca. 1%) til dette høge resultatet er at midla som er sett av til forskottering Rødsliane blir sett på fond. Kjem prosjektet i gang før 2025 så blir dette eit tilskot til fylkeskommunen og tel som utgift.)

Avsetjing / bruk disposisjonsfond	2022	2023	2024	2025	Sum
Avsetjing til disposisjonsfond i 1000	0	7 142	3 973	0	11 115
Bruk av disposisjonsfond i 1000	8 630	650	650	2 478	12 408

*Handlingsprogrammet følgjer opp måla og strategiane som er satt i "Kommuneplan for Suldal kommune 2015-2024".*

**Gul farge er målsetjingane i kommuneplanen.**



# Handlingsprogram 2022-2025

# 1. Folketal og arbeid

**Mål:** Fleire skal bu og arbeida i Suldal.

Strategi	Tiltak	År	Kostnad
	1.1.0.1 Gjennomføra analysar og laga strategiar for å rekruttera nye innbyggjarar  1.1.0.2 Oppretta ei tilskotsordning for å hjelpe innbyggjarar som har vanskar med å betale høge straumrekningar. <i>Merknad: Finansiert med disposisjonsfond</i>	21 22	
1.1.1 Den viktigaste målgruppa for arbeidet med tilflytting til Suldal er Suldalsungdom.	1.1.1.1 Tiltak for å rekruttere fleire innbyggjarar inkludert å kunne tilby barnehageplass til nye innbyggjarar  1.1.1.2 Det vert etablert eit stipend for Suldalselevar som vel Sauda vidaregåande skule for å støtta opp om den lokale skulen, for skuleåret 22/23 og ut planperioden. <i>Merknad: Frå 2023 finansiert med disposisjonsfond</i>	20- 22-25	kr 0,5 mill kr 0,65 mill
1.2.1 Kommunen skal ha tilgjengeleg attraktive bustadomter på Sand og i grendedesentra. Områda for spreidd busetnad som allereie finst skal oppretthaldast.	1.2.1.1 Teknisk planlegging Sandaneset Opparbeiding Sandaneset  1.2.1.2 Regulering og opparbeiding av bustadfelt Randåsen/ Klypa  1.2.1.3 Formidla/marknadsføra moglegheiter for spreidd bustadbygging. Formidla kontakt mellom tilflyttarar og grunneigarar.  1.2.1.4 Greia ut om det er mogleg å laga ei støtteordninga for kjøp av hustomt i bustadfelt der tomteprisen er over ca 550.000. Målet er å senka risikoen med å etablera seg i Suldal.	21 22 20 21 25 22- 22	kr 5,0 mill kr 25,0 mill kr 0,2 mill kr 0,3 mill kr 0,5 mill
1.3.1 I kommuneplanperioden kan det dukka opp nye utenkte prosjekt. Når kommunen får søknader som kan føra til nye arbeidsplassar er dette samfunnsinteresse av så stor vekt at det talar for dispensasjon frå vedtekne planar.			
1.4.1 Det er eit mål at det skal vera utleigebustader tilgjengeleg.	1.4.1.1 Kjøp av husvære frå utbyggjarar  1.4.1.1 Kjøp av husvære/kjøp av tomt. Kostnad 3,5 mill (j.fr. rebudsjetteringssaka)	20 21 22	kr 2,2 mill kr 2,3 mill kr 3,5 mill
1.5.1 Som eit ledd i å halde på og å tiltrekke seg fleire barnefamiliar skal kommunale			

tilbod som gjeld desse prioriterast.			
1.6.1. Tilflyttarar frå både inn- og utland skal integrerast i Suldalssamfunnet. Grendautvala, skular og barnehagar i tillegg til frivillige krefter har ei særskild rolle i dette arbeidet.			
1.7.1. I Suldal skal me ha nærliek til gode tilbod. Kommunesenteret Sand skal med medvit byggast til ein stad som innbyggjarane i grendene ynskjer å nyta som kommunesenter.			

## 2. Samfunnsutvikling og samfunnstryggleik

### 2.1. Areal og arealutvikling

**Mål:** Ei berekraftig og langsiktig forvalting av arealressursane for å styrka busetnad og næringsliv, samstundes som ein tek vare på mangfaldet og kvalitetane i Suldalsnaturen.

Strategi	Tiltak	År	Kostnad
2.1.1 Styrka Sand som kommunesenter, men og syta for livskraftige grender.	2.1.1.1 Prosjektering og opparbeiding av Bekkjatorget og områda opp mot innkøyringa til Nedre Dalane i tråd med vedtatt reguleringsplan for området	21 22 23 25	kr 8,0 mill kr 5,0 mill kr 12,0 mill kr 1,0 mill
	2.1.1.2 Samarbeida med reise- og næringsliv om ein felles strategi for marknadsføring av sentrum som ein stad for oppleving og handel	20-	
2.1.2 Ha tilgjengelege attraktive bustad- tomter på Sand og i alle grendesentra. Ha tilgjengelege leigebustader i kommunesenteret. Vurdera omforming og fortetting som alternativ og supplement til bruk av nye område, særleg på Sand der ein konkret bør sjå på moglegheitene innan reguleringsplanane for Prestaåsen og Randåsen.	2.1.2.1 Sjå punkt 1.2		
2.1.3 Syta for at barn, unge, eldre og funksjonshemma sine interesser vert ivaretakne i planlegging og utbygging av bustadområde. Alle nye bustadområde skal ha leikeplassar.	2.1.3.1 Framtidige leikeplassar i samband med planlagd opparbeiding av nye bustadfelt skal ha miljøvenleg underlag.	21-	
2.1.4 Ha eit langsiktig perspektiv på Suldal som hyttekommune. Nyttar strandsoneanalysen ved tilrettelegging for hytter langs sjøen. Vera positiv til forsiktig fortetting og utviding av hytteområde langs sjøen der dette kan skje utan større konfliktar. Ikkje opna nye, urørte strandområde for utbygging før det etablerte utbyggingspotensialet er realisert. Vera varsam med tilrettelegging for hytter i fjellområde med villrein og	2.1.4.1 Vann og avløp til Rota-området (Sjå 2.3.2.4)		

Strategi	Tiltak	År	Kostnad
andre viktige verneverdiar. Kommunen vil halda på byggegrensa for hytter i Breiastøldalen.			
2.1.5 Ha tilgjengeleg kommunalt næringsareal på Sand og elles vera positiv til næringsetablering i alle grender. Byggemodna kommunale næringsområde i grendene etter behov og etterspurnad. Bidra til smidig dispensasjonshandsaming dersom det kjem søknader om viktige næringsetableringer i kommuneplanperioden i område der det ikkje er opna for dette og der slik etablering kan skje utan vesentlege konfliktar med ålmenne interesser.	2.1.5.1 Starta opparbeiding av næringsområdet ved Tysingvatn. Utarbeiding av skisseprosjekt m/kostnadskalkyler)	21	
2.1.6 Ha ei berekraftig forvalting av sjøområda med vekt på fleirbruk, men der einskilde område kan avsettast til meir eksklusiv bruk. Ta vare på Sandsfjorden som nasjonal laksefjord på ein god måte. Satsa på større, felles småbåtanlegg.			
2.1.7 Ta omsyn til ålmenta sine interesser, verneverdiar og tryggleik i arealforvaltinga og legga folkehelseprinsippet til grunn. Legga til rette for friluftsliv ved t.d. etablering av samanhengande turveg/stisystem også i låglandet, jf.. Sti- og løypeplan.	2.1.7.1 I samarbeid med fylkeskommunen få sett opp dagsturhytte (INV). Merknad: Budsjettet er auka i 2.tertialrapport 2021 til 1,2 mill.  2.1.7.2 Kommunen går til innkjøp av dagsturhytte 2. Føremålet med hytte 2 skal vera å plassere denne slik at hytta kan nyttast av alle, uavhengig av alder og funksjonsnivå. (INV)  2.1.7.3 Planleggja og opparbeida turstisystem på strekninga Garaneset- Suldalsosen  2.1.7.4 Høse "Langs Lågen" Parsell Gåsavikja - Garaneset, prosjektering og gjennomføring (Spelemiddelprosjekt) (INV)  2.1.7.5 Støtte skilting og utstyr i høve det frivillige arbeidet med stirydding	21 22 07-21 22-25 20 22 20 21-	Kr 1,450 mill  kr 0,1 mill kr 0,1 mill  kr 0,2 mill kr 1,0 mill  kr 0,15 mill kr 0,2 mill

Strategi	Tiltak	År	Kostnad
2.1.8 Syta for at viktige jord- og skogbruksområde og framtidige ressursar som t.d. viktige grus- og pukkreserver, ikkje vert nedbygde ved t.d. spreidd bygging.			
2.1.9 Forvalta areala langs Nasjonal turistveg Ryfylke, inkludert Rv 13 gjennom Suldalsdalføret, på ein måte som opprettheld og styrkar natur- og kulturopplevingane for turistar og fastbuande.	2.1.9.1 Arbeida for rastepllass ved Kalhagen	20-	
	2.1.9.2 Saman med Suldalsalliansen arbeida for tilrettelegging og aktivitetar i reiselivssamanheng Merknad: Reiselivsutviklingsmidlar konsavg		
	2.1.9.3 Setja opp velkommen til skilt til alle grender (INV)	21	kr 0,6 mill
	2.1.9.4 Arbeida mot Statens vegvesen for å få etablert ein rastepllass ved Djuvet	21-	
2.1.10. Forvalta Suldalsheiane i tråd med prinsipp som er nedfelte i «Heiaplanen».			

## 2.2. Næring

**Mål:** Suldal skal vera attraktiv for nærings- og besøksutvikling, verdiskaping og vekst med grunnlag i lokale ressursar.

Strategi	Tiltak	År	Kostnad
	2.2.0.1 Starta planlegging og innføring av eigedomskatt på næring Laga sak der det vert vurdert om ein skal innføra eigedomsskatt på næring frå 2025. (overført frå kap 5)	22	
	2.2.0.2 Utarbeida analyser for samfunns- og næringsutvikling der lokalt næringsliv, nabo-kommunane og eksterne aktørar medverkar ved etablering av store industriprosjekt på Jelsa. Merknad: Finansiert med bruk av disposisjonsfond	22	Kr. 1,0 mill
2.2.1 Påverka og forbetra rammevilkåra for næringslivet	2.2.1.1 Kjøp og utvikling av næringsareal Merknad: (jf. 2.1.5.2) (kons. avgift)	16-20	kr 20,5 mill
	2.2.1.1 Arbeida for å nytta overskotsmassar i samband med tunnelarbeidet på Rv 13 til næringsareal.	22-	
2.2.2 Fremja utvikling og vekst i eksisterande næringsliv	2.2.2.1 Fullføra prosjekt «Suldalsbonden mot år 2050». Merknad: (konsesjonsavgift er avsett på fond)	21	
	2.2.2.2 Revidera aksjonsplan landbruk	21	
	2.2.2.3 Suldal kommune set krav til at eigarar av Meieriet i Sand sentrum presenterer ein forpliktande plan innan utgongen av januar 2022. Dersom dette ikkje skjer ber me om at kjøpet blir heva.	22	
2.2.3 Ha fokus på utvikling av grindermiljø	2.2.3.1 Støtta opp om Suldal Vekst sitt arbeid med entreprenørskap blant barn og unge der Læring i næring er eit av verktøya.	11-21 22-	kr 0,142 mill kr 0,142 mill
2.2.4 Utvikla besøksnæringane: •Reisemålsutvikling •Sentrumsutvikling •Styrka Sand som handels- og opplevingssentrum •Opplevings- og kulturnæringsutvikling •Utvikla gode nettverk mellom offentlege og profesjonelle kulturaktørar, reise- og næringsliv som saman bidreg til utvikling av kulturlivet og skaper synergiar i samfunnsutviklinga.	2.2.4.1 Sentrumsareal, Sand (INV) Bekkjatorget og områda opp mot innkøyringa til Nedre Dalane Merknad: Sjå pkt. 2.1.1.1		
	2.2.4.2 Laga ein arrangementsstrategi. Målet er å avklara satsingsområde og spissa mål og tiltak som kan styrka arrangementsaktivitet i heile kommunen.	23	
2.2.5 Ha fokus på rekruttering av bransjespesifikk arbeidskraft			

## 2.3. Kommunal infrastruktur

Omfattar bygg og eigedomar, vegar, kaiar, vassforsyning og avløpsanlegg.

**Mål:** Suldal kommune skal ha ein god og kostnadseffektiv infrastruktur.

Strategi	Tiltak	År	Kostnad
2.3.1 Utbygging, drift og vedlikehald av kommunal infrastruktur skal vera kostnadseffektivt. Det skal utarbeidast vedlikehaldsplanar for alle kommunale bygg og anlegg.	2.3.1.1 Brannstasjon Sand Prosjektering (INV)	20	kr 0,2 mill
	2.3.1.2 Ombygging gatelys til LED (INV)	21	kr 1,8 mill
		22	kr 1,8 mill
		23	kr 1,6 mill
	Driftskonsekvens	21	Kr -0,2 mill
		22	kr -0,3 mill
		23-	kr -0,4 mill
	2.3.1.3 Oppgradering av Dagsenteret	21	kr 1,0 mill
	2.3.1.4 Oppgradering av Stølane barnehage	21	kr 1,0 mill
	2.3.1.5 Prosjektstilling feiing	21	kr 0,4 mill
	2.3.1.6 Ny brannstasjon Suldalsosen Utbygging (INV)	20	kr 0,2 mill
		24	kr 20,6 mill
	2.3.1.7 Kjøleanlegg resepsjon Suldal Bad (INV)	22	kr 0,3 mill
	2.3.1.8 Oppgradering uteområdet Randåsen barnehage (INV)	21	kr 0,8 mill
	2.3.1.9 Jelsa kyrkje, brannsikring og oppvarming (INV) Merknad: Tilskot frå Riksantikvaren 0,9 mill. i 21 og 0,45 mill. i 22.	21 22	kr 2,5 mill kr 1,2 mill
	2.3.1.10 Forprosjekt fornying av leidningsnettet VA	21	kr 0,15 mill
	2.3.1.11 Bygga kryss ved Erøyvik etter reguleringsplanen. Gå i dialog med grunneigar for å sjå på ei betre løysing for området rundt Betel og Erøyvik Trevare samt løysing for bustader ved vegenden. (INV)	25	kr 2,0 mill
	2.3.1.12 Det er mangel på elektroniske byggteikningar og branndokumentasjon på ein del kommunale bygg. For å få laga dette må det nyttast ekstern kompetanse.	22-23	kr 0,2 mill
	2.3.1.13 Tak Erfjord kyrkje (driftstiltak)	22	kr 1,5 mill
	2.3.1.14 Ombygging av opplæringsrom til videokonferanserom/møterom.	22	kr 0,12 mill
	2.3.1.15 Innkjøp av klykkeaggregat til traktor i staden for kjøp av kantslått-tenesta. Dette for å kunna væra meir fleksibel med når ein utfører kantslått og redusera innleige. Kan også utnytte ledig kapasitet på eigen traktor i periodar.	22	kr 0,45 mill

Strategi	Tiltak	År	Kostnad
	2.3.1.16 Ekstra vedlikehald i 2 år, kommunale bygg generelt	22-23	kr 0,5 mill
	2.3.1.17 Oppgradering av Suldalshallen (INV) Merknad: (Spelemiddelprosjekt)	20 24 25	kr 0,2 mill kr 5,0 mill kr 5,0 mill
	2.3.1.18 Bygga ny Vinjarheim (INV)	21 24 25	kr 10,0 mill kr 1,0 mill kr 2,0 mill
	2.3.1.19 Universell utforming Kyrkjebygg (INV)	21	kr 0,5 mill
	2.3.1.20 Utbetring av mur rundt Sand kyrkje	22	kr 0,25 mill
	2.3.1.21 Bygging ny sjukeheim, prosjektering og gjennomføring (INV) Merknad: Det er budsjettert med støtte frå Husbanken på 75,8 mill. kr. i 2025.	20 22 23 24 25	kr 1,0 mill kr 8,0 mill kr 84,0 mill kr 100,0 mill kr 116,13 mill
	<a href="#">2.3.1.22 Utarbeida plan for oppgradering av kommunale vegar. Jamfør rapport frå transportøkonomisk institutt.</a>	22	
	2.3.1.23 Ny bru Kilen Merknad: Ein bør søkje ekstern finansiering i samarbeid med Suldal Vekst og lokalt næringsliv.	22	Kr 4,2 mill
2.3.2 Opprusting av kommunale vatn- og avløpsanlegg slik at dei tilfredsstiller kvalitets- og miljøkrav.	2.3.2.1 VA-anlegg Åsliane — Gulling Utviklingselskap Etablera hovudleidningsnett for VA-anlegg i nytt hyttefelt i Åsliane, Mosvatnet (INV)	19-21	kr 5,0 mill
	2.3.2.2 Driftsovervakingsentral vassmålar (INV)	21	kr 0,2 mill
	2.3.2.3 Ny vassforsyning Vatlandsvåg /Kjølvikstølen (INV) - Planlegging og utbygging	19-20 21	kr 0,3 mill kr 7,0 mill
	2.3.2.4 VA-utbygging Mosvatnet VA-utbygging Rota (INV)	21 22	kr 17,0 mill kr 2,0 mill
	2.3.2.5 Utbetring av kulvert Rallebekken Prosjektering (INV)	25	kr 0,5 mill
	2.3.2.6 Nytt Sand vassverk Prosjektering og utbygging (INV)	20 21 22 23	kr 1,0 mill kr 0,5 mill kr 3,0 mill kr 24,0 mill
	2.3.2.7 Oppgradering Suldalsosen vassverk, forprosjekt (INV)	21	kr 0,2 mill
	<a href="#">2.3.2.8 VA-anlegg Åsliane trinn 2. (INV)</a>	22	Kr 5,0 mill
	<a href="#">2.3.2.9 Utarbeida retningsliner for kommunal deltaking i VA-anlegg ved privat utbygging.</a>	22	
	<a href="#">2.3.2.10 Gjennomgang av betalingssatsane for vatn og kloakk når det gjeld Mosvatnet-</a>	22-23	

Strategi	Tiltak	År	Kostnad
	området i 22-23. Avventa signalisert auke i 24 til etter gjennomgangen.		

## 2.4. Klima-, energi- og miljø

Mål
<ul style="list-style-type: none"> <li>Klimautslipp i Suldal skal stabiliserast på 2009-nivå innan 2017.</li> <li>Energiforbruket skal reduserast og auka del av forbruket skal koma gjennom bruk av alternativ fornybar energi.</li> <li>Suldal kommune skal framleis vera ein stor produsent av vasskraft og vil auka produksjonen på ein berekraftig måte.</li> <li>Det biologiske mangfaldet skal oppretthaldast, med særleg merksemd på trua og sårbare artar og naturtypar, på villaks og villrein.</li> <li>Skapa forståing, respekt og stoltheit for den eineståande kulturarven me forvaltar i Suldal.</li> </ul>

Strategi	Tiltak	År	Kostnad
	2.4.0.1 <a href="#">Me skal stilla relevante miljøkrav ved innkjøp av varer og tenester</a>	21-	
	2.4.0.2 Vurdera å få energiattest for alle større kommunale bygg. Vurdera solcelleanlegg på nye bygg og eksisterande bygg.	21-	
	2.4.0.3 Vurdera å installera vassmålar i alle kommunale bygg	21-	
	2.4.0.4 Skogkulturprosjekt, miljøtiltak kombinert med sommarjobbtildel.	21-	kr 0,15 mill
	2.4.0.5 Ved sertifisering som miljøfyrtårn skal bygg energimerkast. Dette er eit arbeid som vert utført av eksterne.	22-23	kr 0,30 mill
	2.4.0.6 Gje investeringstilskot til ladestasjonar for el-bilar knytt til RV 13 på Nesflaten, Erfjord og Suldalsosen Merknad: Spleiselag. Konsesjonsavgifter 1,5 mill så langt midlane rekk	21-	
	2.4.0.7 Leggja fram sak med tanke på eit energifond for å stimulere både næringsliv og private til å gjennomføra energisparende tiltak.	22	
2.4.1 Kommunedelplan for klima og energi for Suldal kommune, vedteken 08.05.2012 skal leggast til grunn for politikken på dette området.	2.4.1.1 Miljøfyrtårnsertifisere alle einingar i Suldal kommune.	21-	kr 0,1 mill
	2.4.1.2 Setja av årleg beløp som tilskot til friviljuge og andre som driv miljøretta oppryddingsarbeid.	21-	kr 0,15 mill
2.4.2 Retningslinjene for utbygging av små kraftverk skal følgjast.			

2.4.3 Ved revisjon av kraftkonsesjonar skal miljøaspektet tilleggas særskilt vekt.	2.4.3.1 Fullføra arbeidet med ny miljørevisjon for Ulla-Førre i samarbeid med Hjelmeland og Bykle.	17-	
	2.4.3.2 Fullføra arbeid med miljørevisjon av Røldal-Suldal saman med Ullensvang kommune.	17-	
2.4.4. Støtta miljøfremjande tiltak i landbruket	2.4.3.3 Arbeida for konsesjonsbehandling av RSK i det nye Lyse DA i løpet av gjeldande konsesjonsperiode	21-22	
	2.4.4.1 Vurdera gode klimaløysingar ved tildeling av landbruksstøtte.	20-	
2.4.5 Auka kunnskapen om det biologiske mangfaldet og nyttja denne aktivt i arealforvaltinga. Informera aktivt om dette på kommunen sine nettsider for å skapa auka forståing og interesse.			

## 2.5. Regionalutvikling

**Mål:** Suldal kommune skal vera ein aktiv pådrivar og deltar i regional utvikling og samarbeid.

Suldal skal aktivt søkja regionale løysingar på felles utfordringar i Ryfylke og tilstøytande regionar (Haugalandet, Hardanger, Vest-Telemark og Setesdal).

Det gjeld samarbeid både med andre kommunar og private regionale interesseorganisasjonar. Samarbeidsgevinstane skal hentast ut gjennom å gje samarbeidet meir forpliktande. Fellesløysingar skal veljast i staden for eigne løysingar der det gir gevinst.

Strategi	Tiltak	År	Kostnad
2.5.1 Suldal vil aktivt ta del i nettverk og prosjekt som kan munna ut i nye interkommunale løysingar.	2.5.1.1 Delta aktivt i IT-samarbeidet i Ryfylke (INV) Merknad: Sjå 5.0.1		
	2.5.1.2 Reduserte utgifter ved kjøp av tenester når overgangsordninga til HBR IKS er sluttført	23-	kr -1,6 mill
2.5.2 Suldal vil delta i regionalt utviklingsarbeid som skjer i private og offentlege interesseorganisasjonar innan næringsliv / reiseliv, kunst og kultur, idrett og liknande.			

## 2.6. Samferdsle

**Mål:** Suldal skal ha trygge vegar – både internt og inn/ut av kommunen.

Suldal skal ha gode kollektivtilbod.

Elektroniske samband skal vera tilgjengelege for alle i Suldal.

Strategi	Tiltak	År	Kostnad
2.6.1 Arbeida for opprustning og rassikring av RV13	<p>2.6.1.1 Arbeida for å framskunda rassikring i Rødsliane - eventuelt forskottering i lag med Rogaland fylkeskommune Merknad: 6 mill og 3 mill avs. på fond</p> <p>2.6.1.2 Arbeida for ein heilskapleg plan på Rv13 og at det kjem inn i rullering av neste NTP.            - Strekninga Suldalsosen Nesflaten            - Lovradalen - Lovraeidet            - Eiane - Kilane            - Rassikring Bratlandsdalen            - Gong/sykkelveg Steine – Hauabjør  <b>Det blir sett ned ei arbeidsgruppe med 2 repr. frå formannskapet og ein frå næringslivet til å arbeida med forskottering og å jobba i eit langsigttig perspektiv med samferdsel inn mot NTP.</b></p> <p>2.6.1.3 Arbeida for å få reguleringsplan Lovraeidet-Lovradalen.            1,5 mill finansiert av midlar som er sett av til føremålet.            Merknad: Kommunikasjonsfond             Arbeida for at strekninga Lovraeidet-Lovradalen vert rassikra snarast. Dersom det er avgjerande for at arbeidet kjem i gong er kommunen positiv til å vera med å forskottera dersom ein får ein bindande avtale med staten og Rogaland fylkeskommune.            Meirinntektene ved sal av konsesjonskraft i 2021 ( om lag kr 15 mill) skal setjast av til arbeidet med rassikring og utbetring på strekningen Lovraeidet- Lovradalen</p> <p>2.6.1.4 Gå i dialog med Statens vegvesen for å få veglys frå Lundargard til kryss ved Steine.            Krav om eit ein går i dialog vegvesenet om gong/sykkelveg etter enklare standard på same strekning.</p>	19 20-21 22 21-23 24 22-	kr 6,0 mill kr 3,0 mill kr 6,0 mill kr 0,3 mill
2.6.2 Arbeida for heilt eller delope ferjesamband Nesvik-Hjelmeland til ferjesambandet eventuelt vert avløyst med bru/tunnel			

Strategi	Tiltak	År	Kostnad
2.6.3 Arbeida for betre vedlikehald av riks- og fylkesvegar			
2.6.4 Arbeida for rydding / skoging langs riks-, fylkes- og kommunale vegar.			
2.6.5 Arbeida for å oppretthalda og utvikla raske og tenlege hurtigbåt — og bussruter inkl. ekspressbussruter. Det må vera korrespondanse mellom dei ulike rutetilboda.	2.6.5.1 Oppretthalda eit tenleg hurtigbåttilbod i heile Ryfylkebassenget. <a href="#">Arbeida for at hurtigbåtane vert elektrifiserte</a>	21-	
2.6.6 Arbeida for realisering av Haukelibanan.			
2.6.7 Arbeida for full mobildekning først og fremst der bur og ferdast.	2.6.7.1. Arbeida for mobildekning langs hovudferdselsårene i kommunen, gjerne gjennom spleiselag.	16-	
